

NR 7/2015

NOTAT

Per Halse

## REKTORALT TALT

Tekster og talar 2011-2015

Forfattar	Per Halse
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

REKTORALT TALT.

Tekster og talar 2011-2015.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Innhald

INNLEIING .....	4
1. (UT-)DANNING.....	7
1a: Ingen kan lenger sjå verda i svart-kvitt .....	7
1b: Danning i utdanninga.....	8
1c: Volda som skulestad før og no .....	10
1d: Estetikk og kulturfag .....	14
1e: Frå Ivar og Hulda til Sigrun, Marit & co. ....	19
2. 17. MAI.....	22
2a: I kjærleik varm og mild .....	22
2b: «Varsomt på armen».....	25
3. IVAR, ANDERS OG JOSTEIN .....	27
3a: Hipp, hipp, hurra for Ivar Aasen! .....	27
3b: Høgskulen i Volda hyllar nynorskens far .....	29
3c: Eit livsverk bore av tru .....	31
3d: Aasen og Grunnlova .....	34
3e: Anders Hovden – kva ville han med livet?.....	36
3f: Takk og til lukke! .....	38
4. FRÅ SAK TIL SAKS .....	39
4a: Statsråden spør og me skal svare .....	39
4b: «Millom jamningar helst er eg nøgd».....	42
4c: Attende til dansketida? .....	48

# INNLEIING

Til rolla som høgskulerektor høyrer det å formulere seg både munnleg og skriftleg om mangt som gjeld høgare utdanning og forskning. Samstundes har eg også i desse åra vorte utfordra til å formidle frå min eigen fagbakgrunn ved ulike høve. Etter somme innlegg har tilhøyrarar bede om å få tilgang til manus, og noko har vorte publisert på heimesidene åt Høgskulen i Volda (HVO). Når rektorperioden no er over, har eg funne å vilje samle nokre utvalde helsingar og talar i dette vesle heftet. Nokre tekster som har stått på prent i aviser er også tekne med.

Stoffet er redigert i fire bolkar, og i kvar bolk står stykkja kronologisk. I det fylgjande kjem nokre merknader til konteksten for tekstene og talane i heftet.

## 1. (Ut-)danning

Danning og utdanning heng saman, men dei er ikkje samanfallande. «Å lesa og skriva og rekna er bra», men å utvikle seg som menneske handlar om mykje meir. Dette vart me igjen minte om i semesteropningstalen Knut Olav Åmås heldt ved HVO no i august: «Kunnskap er svært viktig. Klokskap til å bruka kunnskapen på gode måtar er imidlertid mykje viktigare».

Sommaren 2011 var eg (kanskje meir som teolog og religionslærer enn som påtroppande rektor) mellom fleire som *Sunnmørsposten* utfordra til å skrive ein kort kommentar til terrorhandlingane 22. juli og reaksjonane etterpå. Teksta «Ingen kan lenger sjå verda i svartkvitt» (1a) vart brukt på avisa sine temasider laurdag 6. august 2011.

Åtaket mot regjeringskvartalet og sommarleiren på Utøya fekk naturleg nok prege også den offisielle semesteropninga ved høgskulen. I lag med student-leiaren Eivind Nævdal-Bostad (som sjølv miste ein nær ven og fleire kjende på Utøya) framførte eg nokre enkle minneord. Alle reiste seg så for eitt minutt stille, og me song Nordahl Griegs «Til ungdommen». Deretter ynskte eg studentar og tilsette velkomne til Volda og til studia, og resten av talen fokuserte på dannelsingsaspektet. Utdraget (1b) syner også korleis eg fletta inn ein del engelsk under opninga for å inkludere dei mange internasjonale studentane.

Rektorperioden tok til i eit jubileumsår. I 2011 var det 150 år sidan starten av den fyrste lærarutdanninga i Volda, og det vart markert m.a. med eit seminar i november. Der var eg beden om å halde innlegg om Volda som studiestad (1c).

Frå 2007 fekk HVO ny organisering der sentrale lærarutdanningsfag vart samla i ei stor Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL), og dei praktisk-estetiske faga vart skilde ut i ei ny Avdeling for kulturfag (AKF). Omorganiseringa vart evaluert av Rokkansenteret i 2011, og dekanen for kulturfag inviterte meg til eit avdelingsseminar på nyåret 2012 for å luften tankar i lys av evalueringa. Då valde eg å ta utgangspunkt i nokre meir overordna refleksjonar om estetikk og kunst i høve til grunnleggande opplæring av born og unge (1d).

I 2013 feira Seksjon for drama og teater fem-års-jubileum for sin eigen bachelorgrad. Det vart skipa til seminar og teaterverkstad med tidlegare og noverande studentar, og på festmiddagen helsa rektor med talen «Frå Ivar og Hulda til Sigrun, Marit & co» (1e).

## 2. 17. mai

Ved HVO er det tradisjon for å velje nytt rektorat minst eit halvår før det skal vere skifte i verva. 17. mai-komitéen i Volda registrerte fort kven som var vald, og underteikna heldt dermed tale for dagen allereie som påtroppande våren 2011 (2a).

To år seinare bad soknerådet i Ørsta meg om å kranse bautaen ved kyrkja der etter barnetoget. Dei fleste talane eg har høyrte i det høvet, har fokusert på den andre verdskrigen – i tillegg til arbeid for fred og demokrati i vår eiga tid. Eg valde å ta utgangspunkt i det steinen opphavleg var reist for, nemleg til minne om ufreden i åra fram mot 1814 (2b).

## 3. Ivar, Anders og Jostein

2013 var eit stort jubileumsår, og Språkåret vart markert på fleire vis ved høgskulen. Til 200-års-dagen for Ivar Aasen skreiv eg ein gratulasjon på heimesidene våre (3a) i tillegg til ein kronikk for *Sunnmørsposten* (3b) og ein i *Vårt Land* (3c).

Korte helsingar som opning på temadagar eller faglege seminar har det vore mange av som rektor. Her vel eg å ta med *ei* slik – også for å minne om nynorsk som eit prioritert felt for forskning og utdanning ved HVO. Før jul i 2013 var det oppstartseminar for revisjonen av mastergraden i nynorsk skriftkultur (3d).

Vekeavisa *Dag og Tid* har ei populær spalte som heiter «Kva ville han/ho med livet?» Sidan starten i 2011 har rundt 150 forfattarar vorte portretterte gjennom korte svar på nokre faste spørsmål. Bladstyraren utfordra meg til å skrive om Anders Hovden til den spalta, og det fekk eg gjort våren 2015 (3e).

Ei hyggeleg oppgåve som rektor har vore helsingar til einskild-personar ved høgskulen. Det har vore gratulasjonar ved disputasar eller andre faglege opprykk, og det har vore takketalar til veteranar som har gått av etter lang og tru teneste. Slike høvestalar er for stunda der og då, og det er ikkje naturleg å inkludere sjangeren i heftet. Men eitt unntak skal med: Helsinga til nestoren Jostein Fet ved lanseringa av den siste boka hans (3f).

## 4. Frå SAK til SAKS

Siste året som rektor vart på mange måtar det mest travle. Regjerings-signala om struktur- endringar for å få færre, større og meir «robuste» høgskular har prega mykje av verksemda, tenkinga og diskusjonane i sektoren vår gjennom 2014 og 2015. Dei som no står til rors må finne leia vidare. Av mine ytringar i saka tek eg med to talar og ein kronikk.

«Statsråden spør og me skal svare» (4a) var semesteravslutningstalen for dei tilsette ved HVO i juni 2014. Mange takka etterpå for at eg nytta høvet til å dele fersk informasjon om ei stor og viktig sak. Lite ante eg då om at talen skulle føre til to skarpe protokoll-tilførslar i høgskulestyret på andre sida av sommaren.

På nyåret 2015 var eg invitert til ein fagdag om strukturspørsmåla ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Utanom fleire interne innleiarar var rektorane ved høgskulane i Bergen og

Volda inviterte til å dele synsmåtar om moglege strukturendringar på Vestlandet. Me møtte eit fullt auditorium – med spent stemning og godt humør. Eg opplevde mykje åtgåum til talen «Millom jamningar helst er eg nøgd» (4b), men enno verkar det som leiinga ved HiSF heller vil leike med dei store i Bergen enn med oss på Møre.

I Sogndal så vel som i interne diskusjonar og i samtalar med departement og politikarar har eg framheva at me ved HVO ikkje er motstandarar av ei kvar endring. Men me er skeptiske til dei sentraliserande tendensane som mange av oss oppfattar i signala frå regjeringa. Verdien av å halde på og vidareutvikle høgare utdanning i distrikta framheva eg m.a. i ein kronikk i *Morgenbladet* i mars 2015 (4c).

Ei slik samling av laust og fast frå fire år som rektor vil naturleg nok innehalde ei og anna gjentaking. Det vonar eg at moglege lesarar ber over med. Det same gjeld språkføringa. Talane er skrivne for munnleg framføring, og eg vel å publisere dei utan oppstramming til skriftleg standard. Motivasjonen for heftet har primært vore å berge nokre utvalde filer frå mine mange uoversiktlege datamapper.

Høgskulen i Volda, september 2015,

Per Halse.

# 1. (UT-)DANNING

## 1a: Ingen kan lenger sjå verda i svart-kvitt

Refleksjonar i tida etter terroren 22.7.2011. Trykt i *Sunnmørsposten* 6.8.2011.

«På scenen nå står det en hindu og en muslim, to kristne, en tvilende og en ateist. I en kirke. Jeg elsker at dette er normalt». Slik fall orda frå artisten Magdi i gruppa Karpe Diem under minnekonserten i Oslo domkyrkje sist laurdag.

Her ser vi tydelege tendensar til endringar i det norske samfunnet. Fleire artistar, politikarar og religiøse leiarar har vore inne på det same. Masse mordaren ville kjempe for einsretting og ekskludering. Ola og Kari Nordmann har saman med leiarane våre snutt seg vekk frå ein slik fryktbasert og hatefull ideologi.

Hendingane og stemninga dei siste dagane tyder på at folk forstår at landet vårt ikkje kan vere for berre ei viss type menneske. Når var det forresten det? Vi har fått forsterka medvitnet om at kvart individ er unikt og med det same menneskeverdet. Det er ikkje slik at ein kvar kvit nordmann er ærleg, demokratisk og fredsæl. Ei heller er dei fleste arabarar bombemenn.

Rapparane i Karpe Diem syner oss varmt venskap og skapande samarbeid på tvers av religionar og livssyn. Sitatet frå Magdi er eit uttrykk for at tru, tvil og religiøse tradisjonar kjem på dagsorden som noko normalt, og vonlegvis vil vi i tida framover kunne diskutere slike spørsmål med færre fordomar.

Før ulven i fåreklede kom over sundet, hadde hundrevis av ungdomar det hyggeleg og lærerikt på Utøya. Mange av dei hadde innvandrarbakgrunn og var mørkare i huden enn dei fleste av oss. Den fyrste gravferda etter massakren vart utført etter både kristne og muslimske ritual.

Etter 22. juli kan ingen lenger sjå verda i svart-kvitt. «Muslimsk» kan brukast som merkelapp på like mykje godt og vondt som ordet «kristent». I overført forstand vert verda mindre og mindre, og mangfaldet har verdiar i seg som eg trur nordmenn er i ferd med å setje større pris på.

Til slutt: Media har referert at terroristen ville forsvare «kristne verdiar». Ein kvar som vil kalle verdiane sine for kristne, bør fyrst gå til evangelia og studere kva Kristus sa og gjorde.

## 1b: Danning i utdanninga

Utdrag av semesteropningstale ved Høgskulen i Volda 16.8.2011.

We have a long history of higher education at this place. I år er det 150 år sidan «Voldens høiere Almueskole med annetteret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere» kom i gang. Det jubiléet skal markerast på ulike vis i semesteret som me no opnar. Allereie under Forskingsdagane i slutten av september vert det fleire arrangement som fokuserer på lærarutdanninga. Seinare på hausten er det planar om meir feiring med m.a. eit fagleg seminar om aktuelle utfordringar for lærarutdanningane. You'll learn more of this later, but it's an interesting fact that in the early 1920s the teacher training college in Volda was the largest in all Scandinavia – with more than 400 students. Men denne ærerike fortida er ikkje laurbærblad til å slumre på. Utfordringane for skule og undervisning har ikkje vorte mindre med åra, og skal denne institusjonen hevde seg, må me fylgje med og vere til stades – i teoretisk forskning så vel som i praksisfeltet og i den generelle samfunnsdebatten. Det gjeld alle utdanningane og all verksemda ved høgskulen.

Den fyrste lærarskulen i Volda vart kalla «Dannelsesanstalt». Spørsmålet om danning i utdanningane har ikkje vorte mindre viktig no. Det å spesialisere seg i eit fag gjer oss ikkje utan vidare til betre medmenneske. Krav om effektivitet og marknadstilpassing kan kome i konflikt med tradisjonelle universitetsideal som akademisk fridom, brei orientering og personleg mogning. Ymse testar og rangeringar fokuserer oftast på det som lett kan målast og teljast. Men kva med menneskeleg vekst og identitetsutvikling? Kva med nestekjærleik og demokrati?

Omgrepet «danning» kjem frå det tyske «Bildung». Ordet heng saman med at den moralske og kulturelle utviklinga liksom dannar eit indre bilete, eit ideal, i mennesket. Filosofen Jon Hellesnes har mint om at det ofte gjev mening å snakke om ein start og ein slutt på utdanninga, men ikkje på danninga. *Ei* sak er å stappe faktakunnskap i ein elev eller ein student; ikkje mindre viktig er utviklinga av det heile mennesket.

Besides specific education in knowledge and skills for certain professions, we might also talk of a general education – sort of an ever on-going education, maturing and up-bringing of ourselves and each other. Our Norwegian term for this, “danning”, comes from the German “Bildung” – it's about the developing of “ein innere Bild”, an ideal within – that should help each of us to do good rather than evil.

Utdanning kan me skaffe oss mykje av i einerom. Danninga føreset fellesskap. All good education, and not least this general education, requires human fellowship. We learn together and from each other. Eg ynskjer at de alle saman får eit flott studieår – og at me alle i lag, studentar, lærarar, andre tilsette, samskipnaden og lokalsamfunnet – at me hjelper kvarandre både med utdanning og danning. Studietida er ikkje ei førebuing til livet; ho er i seg sjølv ein viktig og verdifull del av livet.

I'm looking forward to an interesting year, and I hope all of us – students, staff and the local community – will find good ways of cooperating to improve the quality of what we're doing



here. I don't regard being a student as preparation for life; it is in itself an important and hopefully enjoyable part of our lives.

Ivar Aasen var og er ein helt for mange av oss – ikkje minst i desse bygdene. Tekstene hans formidlar mykje livsvisdom, og eg vil avslutte med sisteverset frå diktet «Sumarkvelden». One of our local and national heroes is the 19th century linguist and poet Ivar Aasen. He reminds us of enjoying the summer time, the happiness, life itself – when we have it. I'll close this speech by reading the last verse of his poem “The summer night” – first in his own Norwegian, and thereafter in an excellent English translation by our colleague Ketil Myskja:

Kom, lat oss nøyta Tidi, som ho skrider,  
og minnast, at ho skrider ofsa fort.  
Med kvar ein Dag, med kvar ein Kveld, som lider,  
eit Stig mot myrke Vetteren er gjort.  
Det kjem ein Dag, daa kvar ein Blom, som bider,  
er fallen av; og slikt eit Fall er stort.  
Di skal eg sjaa paa Blomen, fyrr han blaknar,  
og nøyta Sumar'n, fyrr eg honom saknar.

So let us seize each moment and each hour –  
Remember that they pass at full great speed.  
With every day, the sun will lose some power,  
And winter will approach, with withered mead.  
The day will come when every shining flower  
Has fallen off: such fall is deep indeed.  
I will regard the flower in its blooming;  
Enjoy the summer ere a fall is looming.

Nyt sommaren og studieåret! Enjoy this place, work hard and take care of the people around you! Good luck! Godt semester!

## 1c: Volda som skulestad før og no

Føredrag ved seminaret «Har vi lærarutdanning i Volda om 20 år?» 24.11.2011.

Sidan tidleg på 1700-talet har me hatt både rett og plikt til ei grunnleggande opplæring for alle born og unge her i landet. Etter at konfirmasjonen var innført ved lov i 1736, fekk me frå 1739 ordninga med såkalla allmugeskule. I dei fyrste hundre åra av denne skulen hadde ikkje dei som underviste noka særleg utdanning. Somme stader var det klokkaren som tok seg av undervisninga, eller presten fekk ein som hadde utmerka seg ved konfirmasjonen til å bli skulehaldar. Det vert diskutert mykje om rammevilkår for lærarar i våre dagar, men for omgangsskulelærarane på 17- og 1800-talet er det ingen tvil om at både løna og statusen var låge. Ofte var lærargjeringa ein utveg for veike kroppar til å sleppe unna militærtjenesta.

I 1827 vart det vedteke at kvart stift (bispedømme) skulle ha eit offentleg lærarseminar, og slike vart oppretta på Trondenes (1826; flytta seinare til Tromsø), i Asker (1834; flytta seinare til Holmestrand), Klæbu (1838; flytta seinare til Levanger), på Stord (lærarutdanninga der har ei samanhengande historie frå 1838), Holt (1839; flytta seinare til Kristiansand) og ein mannsalder seinare kom det også eitt på Hamar (1866).

Prestane hadde ei sentral rolle både i oppstarten og i drifta av desse stiftsseminara, og kristendomskunnskap var hovudfaget. Til å byrje med var elevane si moralske og religiøse utvikling like viktig som den reint faglege formidlinga. Det er også interessant å leggje merke til lokaliseringa av lærarutdanningane. Det var ei sentral politisk målsetjing å leggje dei i bygdemiljø – både fordi byane til dels hadde skulerte folk frå før, men også for å skjerme og verne elevane frå syndefulle freistingar som kunne distrahere oppsedinga i meir urbane omgjevnader.

Stiftsseminara høyrer til ei tid lenge før noko eige bispedømme var påtenkt her på Nord-Vestlandet. Sunnmøre høyrde under biskopen i Bergen – og sokna såleis til seminaret på Stord. Romsdal og Nordmøre låg under biskopen i Trondheim og sokna tilsvarande til Klæbu seminar. Men avstandane var store, og behovet for fleire utdanna lærarar synte seg tydelegare og tydelegare framover 1800-talet. Fleire stader vart det oppretta mindre lærarskular etter lokale initiativ. Det skjedde også her hjå oss. Volda-ordføraren Maurits Aarflot slo seg saman med soknepresten Hans Nicolai Wraamann for å få både kommunal og statleg støtte til ein Dannelsesanstalt for Omgangsskoleholdere. Midt på 1800-talet var det nemleg slik at dei få seminaristane som måtte finnast her omkring, dei søkte seg snart til betre betalte postar, dei vart huslærarar eller stundom også handelsbetjentar. Så me forstår at lekkasje av lærarar til andre yrke er ikkje noko nytt.

Vår tidlegare kollega her ved høgskulen, historikaren Jostein Nerbøvik, skreiv i si tid utførleg om bakgrunnen for og opprettinga av denne «Voldens høiere Almueskole med annecteret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere» som fekk verke frå 1861 til 1880. Skulebygningen vart innvigd med stor høgtid 15. januar 1861. Det var det fyrste faste skulebygget i Volda, og det var den fyrste ungdoms- og lærarskulen for Sunnmøre og Nordfjord. Sommaren før var dei to lærarstillingane lyste ut i sjølvaste *Morgenbladet* i Christiania; det vart altså satsa på ein nasjonal marknad og ei nasjonal rolle for skulen.

Finnmarkingen Adam Knudsen, som var lærar i Fredrikstad, vart tilsett som fyrstelærer – og samstundes kyrkjesongar i Volda. Nordfjordingen Jakob Kobberstad, nyutdanna seminarist frå Stord, vart tilsett som andrelærer, og han fekk mykje å seie både for skulen og bygda. Han var ein ihuga målmann som hadde vore medarbeidar i Vinjes *Dølen*, og han brevveksla med Ivar Aasen. Då det i starten var vanskeleg å skaffe bøker til elevane, skipa Kobberstad like godt eigen bokhandel i Volda. Han engasjerte seg i idrett og skyttarsak. Han var organist og tok til med songkor både for skulen og bygdeungdomen. Song, musikk og norskdom hang naturleg saman. Laurdag 18. mai 1861 kunne *Postbudet* melde:

*Gaarsdagen, 17de Mai, feiredes ogsaa her paa en høitidelig Maade. Et Sangkor af den høiere Almueskoles Elever gikk om i Procession og afsang fædrelandske Sange, hvorefter et Lag af Omegnens Mænd om Aftenen samledes i det festligt smykkede Kommunelokale i den høiere Almueskoles Bygning.*

Ei slik markering av nasjonaldagen – så tidleg som i 1861 – er eit tydeleg uttrykk for korleis lærarskulen gjorde seg synleg og påverka lokalsamfunnet. Gjennom 1860- og 70-åra vart til saman 255 lærarar uteksaminerte frå den fyrste lærarskulen i Volda. Rundt midten av 70-åra vart det arbeidd mykje for å få oppgradert Dannelsesanstalten til eit fullstendig seminar. Styraren då, den unge teologen Peter Wilhelm Kreydahl Bøckman (1851 – 1926; seinare forresten gjennom mange år ein markert biskop – i Tromsø frå 1893 og i Trondheim frå 1910; faren var sokneprest i Volda 1861–73) argumenterte m.a. slik: «Volden synes det mest passende Sted for et saadant Seminarium paa Grund af dets Tradition fra Lærerskolen, dets centrale Beliggenhed mellem Stord og Klæbo, og den store Bygd, hvor Eleverne lettelig vil kunne faa Losji». Tre gode grunnar altså til å få ei permanent lærarutdanning i Volda.

Men elevtalet hadde aldri vorte særleg høgt, og departementet fann ikkje at det var behov for noko nytt lærarseminar på Vestlandet. Dei høge herrane i Oslo meinte at vestlendingane fekk greie seg med utdanninga på Stord. Dei mindre lærarskulane var ikkje lenger liv laga, og det siste kullet frå den annetterede Danneslesanstalt for Allmueskolelærere gjekk ut i 1880. Men på 1890-talet var rammevilkåra igjen endra.

I 1890 fekk lærarutdanninga ei eiga lov. Ho gav kvinner same tilgang som menn hadde, og private seminar kunne opprettast og få eksamensrett på linje med dei offentlege. Den radikale grundtvigianaren Viggo Ullmann fekk eksamensrett for seminaret sitt i Seljord i 1891, og etter få år var der aktive friseminar også på Elverum, på Notodden – og i Volda.

Rundt hundreårsskiftet vart om lag halvparten av seminaristane utdanna ved desse private institusjonane. Morsmål og kristendomskunnskap stod i sentrum, men seminara hadde lenge stor fridom til å utvikle sin eigen kultur. I Seljord og på Elverum vart arven frå Nikolai Grundtvig kopla med radikal politikk, frilynt opplysning og ofte krass kritikk av kyrkjelege dogme. På Notodden og i Volda var styrarane også målfolk og Venstre-menn, men dei forankra samstundes skulane i ein pietistisk vekkingskristendom.

I dei siste 30–40 åra av 1800-talet veit me at omgangsskuleordninga vart avløyst av faste skular i dei fleste krinsane, og utover 1900-talet fekk læraren ein sentral og respektert posisjon i både bygd og by. Statusen auka og utdanninga var i utvikling og rivande vekst.

Hausten 1922 flytta Volda lærarskule inn i det staselege huset som me no er samla i. Og dei visste å feire. Vigslefesten 16. november tok til klokka 12 på dagen og vart avslutta klokka eitt på natta, og ca 1500 tilhøyrarar skal ha vore til stades då Bjørgvin-bispen Peter Hognestad

stod føre den høgtidelege innviinga. Det skuleåret var her ti vanlege klasser og ei studentklasse; til saman 437 elevar – som då gjorde Volda lærarskule til den største i Skandinavia.

Gjennom heile 1900-talet var lærarskulen med og sette preg på lokalsamfunnet. Lenge var det vanleg at elevane hadde både kost og losji rundt i heimane – og lærarskuleelevane engasjerte seg gjerne meir enn andre i lag og lyd, i song og musikk, i idrett, speidar og losjar.

I jubileumboka frå 1995 fortel Svein Kile om den vanføre eleven Rasmus frå Moltustranda som hadde ei kråseng i same stova som husfolket sjølv sov i. Dette var rundt 1870, og saga seier at Rasmus om kveldane las høgt for vertskapet – m.a. frå Holbergs komediar. «Ta deg ei tenkjejkt», skriv Kile vidare, «Kva om lærarskulen ikkje hadde vore i Volda? Enn om vi ikkje hadde hatt dei markante lektorane og den store elevflokket? ... Utenkjeleg. Slik eg kjende lærarskulen, var han i sin inderlege samvevna med bygdefolket ein umisseleg del av Volda».

Liknande røynsler med minne om det nære forholdet mellom lærarskuleelevane og bygdefolket skreiv også Sylvi Maria Kornberg om. Ho var ein av mange som gjennom skulegang på statsøvingskulen fekk nærkontakt med lærarskuleelevane, og vidare framheva ho:

*Men det var ikkje berre på skulen vi møtte desse elevane. Mange av dei var svært aktive i ulike samanhengar – på søndagsskulen i kyrkja, i speidartroppene, i hornmusikken, kora og i idrettssamheng, særleg då i barneturngruppene. Eg hugsar ennå kor svært det var å få ein av dei elevane vil likte særst godt, til søndagsskulelærer eller til instruktør i turn.*

Mykje har endra seg med tida, men Kornberg avslutta minneartikkelen slik:

*Dei «gode, gamle dagane», då lærarskuleelevane i stor grad som einskildpersonar tok del i bygdemiljøet i Volda, er nok over. Men vi ser no at vi har fått «gode, nye dagar» der musikk, song og andre kulturaktivitetar som blømer i høgskulemiljøet, i stor grad kjem bygda til gode, og der einskildmenneske frå høgskulemiljøet og bygdemiljøet kan møtast som vener og samarbeidarar på mange felt i lokalsamfunnet.*

Mange døme på positivt samverke mellom skulen og bygda kunne vore nemnde. Lat meg her berre minne om aktiviteten åt Høgskulekoret – og at denne institusjonen også har sitt eige symfoniorkester. På Yksnøya ytst i Voldsfjorden har Høgskulen i samråd med grunneigarane bygt opp ein base for friluftsliv og kystkultur. Studentane gjer mykje for studiemiljøet gjennom Veka og andre arrangement. Og nyleg er det konstituert eit nytt formannskap i Volda – med sterk tilknytning til høgskulen. Av dei ni medlemene i formannskapet er no tre fagtilsette frå høgskulen, ein student og minst ein tidlegare student.

Mykje har endra seg frå 1861 til 2011, men eg har inntrykk av at mange framleis set pris på studiebygda Volda – og lærarutdanninga vår synest no som for 150 år sidan å vere avgjerande for rekruttering til skuleverket i regionen. Dette har dei andre innleiarane vore inne på, og eg ser føre meg at det vert eit sentralt tema i paneldebatten som skal runde av seminaret.

Sjølv vil eg i denne omgangen få framheve eit glederikt initiativ frå studentane. Dei har i samråd med kommunen og høgskulen lansert prosjektet StudiebygdA – med ein stor A til slutt. Det handlar om at livet for ein student er meir enn sjølv studie. I konkurransen om

søklarar og tilflyttarar er det heilt avgjerande å ha høg kvalitet på forskning og undervisning. Men studentane er opptekne av at Volda også skal vere ein god stad å bu og leve. Det handlar ikkje om å kopiere dei store studentbyane, men om at me i lag utviklar dei særlege kvalitetane i lokalsamfunnet – slik at Volda endå betre enn i dag kan syne att på Noregs-kartet som StudiebygdA.

Men for å nå slike mål må me halde på studietilbod i bygda. Det skjer mykje spennande når det gjeld fjernundervisning og pedagogisk bruk av moderne dataverkty. Det har kome tekniske løysingar som kan hjelpe oss til å halde oppe fagbreidda i lærarutdanningane, men kva skjer med fellesskapet på studiestaden dersom meir og meir av undervisninga vert flytta frå klasseromet til cyberspace? Her trur eg me må vere vakne – og bruke dei moderne hjelpemidla på ein måte som ikkje tømmer Høgskulen i Volda for studentar. Førebels er det ingen fare for det. Det samla studenttalet er høgare enn nokon gong, og me slit for tida med plassmangel. Men fagtilbodet i dei nye grunnskulelærarutdanningane er ei krevjande utfordring – som kan få konsekvensar også for Volda som studiestad. Den problematikken reknar eg også med at paneldebatten vil tematisere.

Eg skal avslutte innlegget med å kaste augene attende til 1860-åra. Avisa Ferdamannen som kom ut i Bergen, prenta våren 1866 ei brevsending med nytt frå Volda, og eg siterer:

*Eg trur mest her snart verd By hjaa oss [...] Hus paa Hus verd opprøyst, dan eine Matstrævaren etter hin flutte hit og byrjade Drifti si [...] 3 "priviligerede" Landhandlarar og nokre Frihandlarar ero Grannar. Likaeins 3 Bakarar, forutan alle deim, som baka aat berre sjølve seg, 2 Fargarar, 4 Skomakarar, 4 Skræddarar, 1 Snikkar. 1 Urmakar hava me ogso havt, men han vardt vitlaus og so laut han flytja herifraa. Dinæst hava me av Embættes- og Umbodsmenner ei heil Mengd: Skrivar, Prest, Kaptein, Løitnant, Lækjar, 2 Sakførarar, Lensmann og 3 Skulameistarar, alt i sama Grend i ei liti ven Vik, kallad Halkjelsvik [...] Folkatalet er mest try Hundrad, umfram 40 Læresveinar paa Lærarskulen og dan høgare Aalmugaskulen. Sidsta Aaret hava me jamvel havt ein Polititenar gangande att og fram paa Vegen.*

Han som observerte denne raske utviklinga av bygdebyen her nede ved fjorden, han signerte bladstykkjet med "K.", og alt tyder på at bokstaven står for Jakob Kobberstad (1840–1919) som eg fortalde litt om i starten. Han kom her med lærarskulen i 1861, og etter fem år utgjorde altså lærarskuleelevane ein knapp tiandepart av folketalet. Saman med lærarane sine sette dei fort preg på Volda-samfunnet. Gjennom heile 1900-talet utvikla forholdet mellom skulen og bygda seg. No må me ta vår del av ansvaret for å føre lærarutdanningane vidare.

## 1d: Estetikk og kulturfag

Rektortankar ved avdelingsseminar på Nordfjord Hotell 3.1.2012.

Mange takk for innbydinga til dette personalseminaret! Det er eit godt tiltak med eit spennande og aktuelt program. Eg gratulerer både med den store oppslutnaden frå dei tilsette og med det fokuset på FoU som programmet vitnar om. Eg gled meg til å høyre dei ulike presentasjonane og diskusjonane!

*Rektortankar: «AKF på HVO; erfaringar, utfordringar og muligheiter med utgangspunkt i Rokkanrapporten».* Slik lydde bestillinga frå dekanen. Og eg skal nok kome inn på innhaldet i rapporten, men eg tillet meg å starte i eit par tekster av ein litt annan og kanskje meir inspirerande sjanger enn evalueringsrapporten frå Rokkan-senteret.

*Når vi f.eks. leser en bok av typisk faglitterær art, er det i regelen vår tanke som er primus motor i erkjennelsesprosessen, og vi må sette inn all vår tankemessige energi for å trenge til bunns i saken. Når vi er stilt overfor det ekte kunstverk, går det gjerne omvendt: kunsten selv griper oss med en eiendommelig makt og fører oss av sted på fantasiens lette vinger, vi stevner mot en ny virkelighets dragende horisont - og slipper etter hvert fortøyningene i den hverdagsvirkelighet hvor vi ellers har vår naturlige plass (J. Nome, Kunst og etikk 1970).*

Dette sitatet er frå ei bok om kunst og etikk som den norske religionsfilosofen John Nome gav ut i 1970. Kan me kjenne oss att i det han skriv? Det kan i alle fall vere interessant å legge merke til at den lærde professoren sjølv vert «poetisk» når han skal skildre kva eit kunstverk kan «gjere med oss». Eg trur dei fleste som har stige inn i Nidarosdomen – eller har stått i solskinet framfor klippemoskéen i Jerusalem – eller gjennom det siste halvåret har vore med og sunge Nordahl Griegs «Til ungdommen», har me ikkje i slike stunder opplevt at dei estetiske uttrykka talar til oss på ein annan – og ofte sterkare – måte enn dei reint intellektuelle?

Men dersom kunstneriske uttrykk har sterk påverknadskraft – og fører oss av garde «mot en ny virkelighets dragende horisont», kva rom er der då for slike uttrykk i dagens allmendanning – i den grunnopplæringa som seglar under vimpelen «Kunnskapsløftet»? Me veit at internasjonale og nasjonale testar og rangeringsregime gjennom dei siste åra har fokusert på faglege dugleikar som kan målast og teljast. Det kan nok variere – også i denne forsamlinga – i kva grad me likar det, men dei nye læreplanane formulerer ganske tydeleg kva kompetanse som skal nåast. Då ligg det til rette for sterk vekt på dugleik. Og basiskunnskapane er grunnleggande – for all del. Men menneske lever ikkje berre av «å lesa og skriva og rekna» – same kor bra det er! Det kan vere grunn til å spørje også etter personleg vekst og identitetsutvikling. Kva med individuell moral og samfunnsverdiar som nestekjærleik og demokrati?

Kunnskapsløftet har ikkje snutt det norske skuleverket heilt på hovudet. Det er viktig å minne kvarandre om at den generelle delen av læreplanen er teken med vidare frå L-97. Ja, han vart innført allereie frå september 1993 og gjeld både grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Det dokumentet gjev eit overordna perspektiv på læring og eit

verdigrunnlag for heile læreplanen. Eg reknar med at dette er velkjent stoff for denne forsamlinga, men til «felles oppbyggelse» kan me repetere nokre av formuleringane i Generell del:

*Opplæringen må gi rom for elevenes skapende trang, og samtidig vekke deres glede ved andres ytelser. Gjennom bilde og form, tone og ord, må de stimuleres til å utfolde fantasi og oppleve kunst [...] Kort sagt, opplæringens mål er å utvide barns, unges og voksnes evner til erkjennelse og opplevelse, til innlevelse, utfoldelse og deltakelse (frå innleiings-kapitlet, s.15).*

*Elevene må utvikle gleden ved det vakre både i møte med kunstneriske uttrykk og ved å utforske og utfolde egne skapende krefter (frå kapitlet om «Det skapende menneske», s.23).*

Desse korte utdraga frå Generell del syner tydeleg at den norske grunnskulen er forplikta til å formidle mykje meir enn «rein kunnskap» (ei anna sak er at kunnskap alltid vil vere kontekstuell og for så vidt ikkje rein, men det er ikkje temaet vårt i denne samanhengen). Til det grunnleggande for skulen høyrer det å utvide evnene både til oppleving og innleving, og dei kunstneriske uttrykka er spesielt nemnde. Skiftet i 1997 frå formingsfaget til «Kunst og handverk» må sjåast i samheng med dette, og me hugsar at den trykte utgåva av læreplanverket i seg sjølv bar bod om ei nysatsing på det estetiske. Samanlikna med dei typiske «lefsene» som M-74 og M-87 vart presenterte i, er L-97 ei flott bok gjennomillustrert med eldre og nyare kunstverk.

Det de driv med ved AKF er altså svært relevant for allmenndanninga, for utviklinga av det integrerte mennesket, og dei praktisk-estetiske faga har framleis ein viktig plass i skuleverket. Eg veit då også at de ved avdelinga er opptekne av forskings- og utviklingsarbeid om korleis kunst og kulturaktivitetar kan vere med og fremje både trivsel og læring. Det å ha det kjekt og det å lære står sjølvstøtt ikkje i motsetnad til kvarandre. Som gode, gamle Grundtvig sa det: «Oplysning være skal vår lyst, er det så kun om sivet. Men først og sist med folkerøst, opplysningen om livet». Det me har vore inne på så langt er viktig med tanke på utviklinga av «det heile mennesket».

Kva les eg så om AKF i Rokkan-rapporten? Jau, for det eine at avdelinga har den lågaste svarprosenten i spørjegranskinga. Det heng truleg saman med eit av hovudfunna i rapporten, nemleg at tilsette ved AKF er dei mest fornøgdde. Det er ofte slik at dei som er mest frustrerte, dei får misnøya fram i slike granskingar – medan dei som har det jamt over bra, ikkje har prioritert å svare i det heile. Eg meiner dette er ein nærliggande teori, men dersom de har andre tankar om samanhengane, kan me sikkert få tid til å drøfte saka meir etterpå.

Det er interessant at ei avdeling som ved opprettinga vart vurdert som eit problem, på dei få åra sidan 2006 har synt seg som ei suksesshistorie. Det har vore mykje snakk om «dei dyre faga» som hadde vore ei bør for tidlegare Avdeling for lærarutdanning (ALU), og som for fire og eit halvt år sidan vart til AKF. Dei fleste ved avdelinga meiner at den nye avdelingsstrukturen førte til forbetring, og informantane opplever at samarbeidet i avdelinga er betre enn før. Kva er då grunnane til suksessen? Både ut frå rapporten og ut frå det eg elles kjenner til, oppfatar eg at avdelinga har synt eit sterkt indre samhald. I alle fall for oss som står utanfor verkar det som de har vore tende på å få prosjektet til å lukkast. Det har å gjere med ei tydeleg og inspirerande leiing. Men sjølv den beste leiing ville hatt vanskar med å

lukkast om ikkje ho kunne spele på lag med engasjement i fagmiljøa. Så vidt eg kan forstå har her vore eit positivt engasjement og ein god porsjon «stå-på-vilje» på alle nivå i avdelinga. Samstundes tenkjer eg at suksessen også handlar om at AKF er ei avdeling av overkomeleg i storleik – og at den faglege profilen er relativt einsarta.

Frå den posisjonen eg no har fått i høgskuleleiinga må eg også minne om at HVO verkeleg har gjeve fødselshjelp og utviklingsstøtte til Avdeling for kulturfag. Frå starten vart de tildelte eit høgt måltal for å sikre rimeleg basisløyving, og gjennom heile fireårsperioden har de vore tilgodesette med såkalla knutepunkt- eller satsingsmidlar. Samanlikna med t.d. AMF veit me også at AKF nyter svært godt av ressursar og tenester frå fellesnivået ved HVO når det gjeld IT og anna utstyr. Men alt dette meiner eg har vore ei rett satsing av høgskulen. Me har i fellesskap medvite prioritert praktiske og estetiske fag i ei tid då få andre har gjort det, og Rokkan-rapporten presenterer avdelinga som ein suksess.

Fleirtalet ved AKF gjev uttrykk for at den faglege styringsfunksjonen er styrka – med tilsett dekan. Interessant nok vert dette i fylgje rapporten opplevt motsett ved dei andre avdelingane. AKF skil seg ut også på eit anna punkt, nemleg ved at det synest som avdelingsrådet har fungert godt. Det som er sagt så langt inneber visseleg ikkje at de berre dansar på roser.

Evalueringa frå Rokkan-senteret har fått med at der er utfordringar også ved AKF. Dei er ikkje minst knytte til omstruktureringa av lærarutdanninga. Gjennom dei siste åra har avdelinga innretta seg etter den nye røyndomen ved i stor grad å byggje opp studietilbod utanfor den formelle lærarutdanningsramma. Eg har vel sensa at de er litt ambivalente til dette. Det forstår eg godt – også fordi eg opplever at de her er i same båten som det faget eg sjølv kjem frå, nemleg RLE. Både me og de har arbeidd med skulefag – og hatt eit brennande engasjement for formidlingsspørsmåla og faga våre sin funksjon i den grunnleggande opplæringa av born og unge. Då er det sårt å miste nærkontakten med den generelle grunnskulelærarutdanninga. Samstundes ser vel både me og de at høgskulen har gode alternative lærarutdanningar med fagstudiar og PPU, men så kjem her signal som tyder på at også det handlingsromet kan kome til å verte innskrenka. Det er ei sak som me lyt kome tilbake til etter kvart.

Rapporten frå Rokkan-senteret konkluderer i alle fall med at AKF er ei av dei lukkelege avdelingane ved Høgskulen i Volda. Det tenkjer eg må vere eit svært godt utgangspunkt for å gå vidare. Oppgåva mi var å seie noko om «erfaringar, utfordringar og muligheiter» ut frå Rokkan-rapporten. Til no har eg snakka mest om erfaringar og utfordringar. Kva så med muligheitene framover?

Eg skal vakte meg for å foregripe høyringa som de er inviterte til å vere med på. Det vert spennande å sjå kva respons som kjem frå dei ulike miljøa ved høgskulen. Men nokre tankar må eg kunne dele alt no. For det eine: «Hvorfor være stor når man er lykkelig som liten?» Utan å vere for absolutt les eg ein del i Rokkan-rapporten om at «smått er godt». Oversiktlege avdelingar med eit tydeleg samla prosjekt synest fremje meir «lukke» og mindre indre uro enn det som kan sporast i dei større og meir komplekse einingane. Dermed er det kanskje ikkje noko mål for AKF korkje å vekse i omfang eller å endre noko særleg på strukturane? «Never change a winning team», heiter det. Samstundes veit me at ved å stå stille kan me lett gå til atters.



Kva muligheiter er det så dei praktiske og estetiske faga bør gripe for å vidareutvikle suksesshistoria AKF? I det store og heile har vel de betre oversyn og innsyn i det enn eg, men lat meg nemne eit par saker. For det første trur eg at det med kulturformidling skal vere eit sentralt satsingsområde. De har fått til ein spennande start med Seanse, og saman med gode samarbeidspartar bør det kunne utviklast til noko permanent og unikt her i Volda. De har kompetanse, visjonar og engasjement som eg har tru på at kan gje handfaste resultat!

Ei anna side ved kulturformidlinga er eit mogleg studietilbod for kulturlærar eller kulturpedagog. Det skal me få høyre meir om på ein av kafeane i morgon. Saka er i alle fall viktig, og på ein eller annan måte må me syte for at skulane kan få personale med god kompetanse i dei faga som de arbeider med på AKF.

Etter NOKUT-rapporten og med tanke på ei fornya utdanning for barnehagelærarar er FoU i FLU (førskulelærarutdanninga) eit prioritert satsingsområde ved HVO. Her har ingen fagmiljø vore særleg gode, og eg vil oppmode AKF om å gripe sjansane som no byd seg for FoU og kompetanseheving.

Så vidt eg kan skjønne har de generelt gode produkt. Som for HVO samla er marknadsføring og omdømebygging viktig. I alt dette trur eg me i åra framover bør satse meir på å auke kvaliteten enn kvantiteten. Kanskje skal me ikkje ha så mange fleire studentar ved HVO, men det bør vere eit mål å få mange fleire søkjarar – slik at her vert meir reell konkurranse om studieplassane.

Kvalitetshevinga bør også innebere ei tydelegare profilering av HVO. Me skal ikkje vere ein bleik kopi av tjue andre høgskular, men utvikle særpreg som skaper merksemd og som dreg til seg ambisiøse studentar og velkvalifiserte fagfolk. Eg har ikkje alle svara på korleis me skal få til dette, men eitt viktig tiltak bør vere å forbetre kontakten og samhandlinga på tvers av fagmiljø og avdelingar. Eg har lenge vore uroleg for at HVO er for oppdelt og at me ikkje fungerer optimalt som *ein* institusjon.

Å betre vilkåra for samhandling var noko av det me var opptekne av i det såkalla Kielland-utvalet i si tid. Det er referert til innstillinga frå det utvalet i Rokkan-rapporten, men som det går fram vart ikkje ideane våre fylgt opp i noka særleg grad. Organisasjonsstrukturen kan alltid diskuteras, men eg meiner i alle fall at me utnyttar potensialet vårt for dårleg på tvers. Volda er ingen millionby, og høgskulen er ikkje eit stort universitet med mange campusar eller lange avstandar. Men eg har ei oppfatning av at avstandane i praksis har vorte større enn geografien og arkitekturen i seg sjølv skulle tilseie.

I evalueringsrapporten får budsjettmodellen mykje av skulda for manglande samarbeid på tvers. Tja, den modellen er nok like lite fullkomen som dei fleste andre modellar, men eg trur me gjer det for enkelt for oss ved å plassere ansvaret for manglande samarbeid der. Her tenkjer eg i alle fall at me finn både ei utfordring og ei muligheit for AKF framover: Det de har fått til for avdelinga, korleis skal me få det til for heile HVO? Det er ei kjend sak at trugsmål frå ein sams ytre fiende kan skape indre samhold og sterkt engasjement. Men no må det vere på tide å bygge ned fiendebileta innafor Høgskulen i Volda. Me treng kvarandre og me må stå saman. Det skjer så mykje flott og spennande i ulike krokar og krikar, og tenk på kva potensiale som kan løysast ut dersom fagfolk finn kvarandre og slår talenta og prosjekta sine saman! Eg tenkjer at seksjonane ved AKF har mykje å kunne yte i samarbeid med

pedagogar, filologar, psykologar, teologar, sosiologar, medievitatar og andre kollegaer ved høgskulen.

Me er ein relativt liten høgskule. Bruker me kreftene våre til «borgarkrig», vil det gå den vegen høna sparkar. Dei praktisk-estetiske faga har potensiale til å gjere heile HVO betre ved å utvikle spennande samarbeid om både utdanning og forskning med flinke fagfolk frå dei andre avdelingane.

Til lukke med seminaret! Ta vare på lukka dykkar – og del henne gjerne med fleire!

## 1e: Frå Ivar og Hulda til Sigrun, Marit & co.

Festtale ved femårsjubileet for drama bachelor 20.4.2013.

Til lukke med jubileet, alle saman! Det er ikkje berre bachelorgraden i drama og teater ved Høgskulen i Volda som markerer runde år i 2013. Eg synest det passar godt at feiringa dykkar finn stad i det nasjonale Språkåret – som knyter seg både til 200-års-jubileet for Ivar Aasens fødsel og til 100-års-jubileet for Det norske teateret. Lat meg difor fyrst gje dykk eit stutt utdrag av ei replikkveksling i eit spelstykke frå 1855:

*Inga: Fa'r, dar var ein Mann upp i Garden, som vilde tala med deg.*

*Hermann: Aa, det er vel ikkje noget, som haster synderlig. Men hør nu, Inga; jeg tænkte just paa at tale med dig om noget vigtigt. Trond paa Bøen har netop været hos mig og talt om dig; han har naturligviis talt med dig selv ogsaa, og hvad har du da svaret ham?*

*Inga: Eg heve svarat, at eg vil inkje hava han.*

*Hermann: Ja, men det var stygt sagt af dig, det skulde du ikke gjøre. Det er denne Bondeviis, du har vant dig til, nemlig at sige alting saa beent frem paa en eneste Gang. Om det nu ikke var saa ganske efter dit Tykke, saa skulde du alligevel have snakket høfligt og for Exempel sagt, at du behøvede Tid til at betænke dig eller noget sligt.*

*Inga: Ja men dat veit eg daa inkje, kvat dat skal vera til, at ein skal fara so og gjøla fyre Folk, naar ein inkje meiner nokot med di.*

*Hermann: Ja, seer du: der er mangt, som man ikke skjønner i Ungdommen, men siden kommer det dog med Aarene; blandt andet lærer man, at et godt Udkomme er dog altid det fornemste i Verden. Da jeg for nogle Aar siden holdt op med Landhandleriet og flyttede hid, meente jeg, at alting nu skulde gaae saa fortræffeligt, men det har desværre ikke gaaet saa godt, som jeg tænkte; det gaaer til Atters, eller rettere sagt, det gaaer tilbage. Naar vi nu kunde komme i Forbindelse med en Mand, som eier noget, saa kunde vi snart oprette de faldne Sager og være lykkelige paa alle Sider. Og derfor synes jeg, at dette Tilbud ifra Trond ikke er saa ganske at foragte; det kunde hænde sig, at vi vilde angre paa at have forkastet det.*

*Inga: Men kunde dat inkje ogso henda, at me vilde angra paa, at me hadde teket imot dat?*

Dette var innleiinga til fjerde scene i «Ervingen. Sangspil i een Akt» av Ivar Aasen. Dagboksnotata syner korleis han arbeidde med stykket frå adventa 1854 til våren 1855. I desember var det utkast, på nyåret først koncepter (kladdar), deretter reinskriving og nye songar. I slutten av mars får han avlevert manuset og «meddeelt Melodierne til Sperati», som det står i dagboka. Tonane var folkemelodiar, men nokre av dei hadde truleg Aasen laga sjølv. Paolo Sperati frå Italia var kapellmeister på Kristiania Norske Theater den gongen. Aasen song altså melodiane slik at denne musikk-kunnige italienaren fekk skrive dei ned.

Så vart det korrekturlesing og trykkeprosess. Aasen var sjølv med på leseprøvene og innøvinga i teateret fleire gonger i april, og etter premieren den 29. noterer han i dagboka: «Ingen Ulyd. Klap ved enkelte Sange og ved Slutningen». Så pass positiv mottaking var slett ikkje sjølvsgd for det aller fyrste teaterstykket på nynorsk. Av rollefigurane var det berre stormannen Hermann Sauenbach som tala riksmål i Ervingen; alle dei andre nytta norsk landsmål.

Medan Aasen hadde avslutta dagboksnoteringane for mars med «I den sidste Tid meget sygelig for Brystet; liden og besværlig Søvn»; var han i siste halvdel av april «meget frisk». Det kan vel avdelinga her ta med på lista over dokumentasjon på at kulturarbeid som drama og teater verkeleg har positiv helseeffekt.

Eg er i alle fall ikkje i tvil om at både born, unge og vaksne har godt av å bli utfordra gjennom slike metodar og aktivitetar som dramafaget rår over, og eg er overtydd om at mange har blitt betre kjende med seg sjølve gjennom den utdanninga som me no feirar. Det handlar mellom anna om å tileigne seg litteratur, utforske roller og utvikle personlegdomen i konfrontasjon og samspel med andre.

Parallelt med helse og trivnad fremjar praktiske og estetiske fag læring. Kulturutgreiinga 2014, som Anne Enger nyleg overleverte til statsråd Hadia Tajik, uttrykkjer uro over nedbygginga av slike fag i den norske skulen, og me kan glede oss over at den ferske Stortingsmeldinga «På rett veg» gjev signal om at Kunnskapsdepartementet vil setje i gang tiltak for å bøte på situasjonen.

Sjølv har eg gjennom to tiår undervist lærarstudentar i religionskunnskap. Nokre av dei artigaste, og eg trur samstundes mest lærerike, timane har vore når eg har sett studentane i gang med «kreativt bibelarbeid»; då har dei jobba med eigne tolkingar av bibelforteljingar gjennom teikning, dikt, song, musikk og/eller drama. Det å leike seg og ha det kjekt står slettes ikkje i motsetnad til seriøs læring. For å omsetje tekst til andre sjangrar eller nye kontekstar, eller til eit estetisk uttrykk, må ein verkeleg søkje bodskapen i forteljinga – og etterpå vil innhaldet sitje i kropp og minne på ein helt annan måte enn det meste som me berre les or ei bok eller høyrer frå ein førelesar.

Dette veit sjølvsgt de mykje meir om enn eg, så lat meg heller runde av med å knyte attende til «Ervingen». Handlinga i det syngespelet er ei enkel intrige om odelsretten til ein gard og ei tilknytta kjærleikssoge. Dramatik i verdsklasse skal eg ikkje påstå at det er, men stykket fekk stor symbolfunksjon som innleiing på den nynorske teaterhistoria. Det er av dei meste spela amatørteaterstykkane i landet, og det var også opningsnummeret då Det norske teateret kom i gang for hundre år sidan.

1913 var ikkje berre 100-års-jubileet for Ivar Aasen og opningsåret for Det norske teateret. Det var som kjent også det året kvinnene fekk røysteret her i landet, og det var sanneleg kvinnekraft som fekk institusjonalisert vårt eige språk som scenespråk. Hulda Garborg var strategen og arbeidsmauren som inspirerte og organiserte og stod bak både Det norske teateret og det mindre formaliserte turneteateret «Det Norske Spellaget» som hadde førebudd det faste teateret.

Når bachelorutdanninga i drama og teater no vert feira, er det også engasjerte og driftige kvinner som skal hyllast. Når me ser på kva de har fått til gjennom åra – både før og etter at bachelorløypa kom på plass –, er det tydeleg at de som arbeider i seksjonen har mykje av

Huldas ånd og spirit i dykk. Eg har *litt* peiling på kva innsats som skal til i lag med studentane for å få til dei gode prosessane og produksjonane, og eg veit at de ofte har ytt mykje meir enn ein arbeidsgjevar kan forvente. Som rektor er eg stolt over kva de i dramaseksjonen har fått til. Tusen takk for innsatsen så langt, og lukke til vidare Hege, Marit, Sigrun, Siv Tone, Vibeke og Wenche! Lat oss gje dei ein varm applaus!

## 2. 17. MAI

### 2a: I kjærleik varm og mild

17. mai-talen i Volda 2011 (prenta i *Møre* 18.5.2011).

Kjære voldingar – frå alle kantar av landet og frå store delar av verda: Til lukke med dagen! Same kor mykje godt folk eg her ser samla, oppfattar vel dei fleste framleis Volda meir som ei bygd enn som ein by. Det er interessant at allereie i 1860-åra var her slik vekst på denne staden, at somme syntest byutviklinga var i full gang. Ei brevsending til avisa *Ferdamannen* våren 1866 fortel at «Folketalet er mest try Hundrad, umfram 40 Læresveinar paa Lærarskulen og dan høgare Aalmugaskulen. Sidsta Aaret hava me jamvel havt ein Polititenar gangande att og fram paa Veggen».

Han som observerte den raske utviklinga av bygdebyen i Halkjelsvik, han signerte bladstykkjet med ”K.”, og eg kjenner meg trygg på at bokstaven står for Jakob Kobberstad (1840–1919). Han var frå Breim og kom hit som tjueåring då han vart tilsett som andrelærer ved den nyoppretta ”Voldens høiere Almueskole med annecteret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere”. Den skulen starta opp i 1861, og difor vil me i år på ulike måtar feire 150-års-jubileum for lærarutdanninga i Volda. Dette var byrjinga på høgare utdanning her, og det er ikkje tvil om at ho fekk mykje å seie for den vidare utviklinga av Volda som skulestad og bygdeby.

#### *Lærarskulen – og 17. mai*

Allereie etter fem år høyrde me at lærarskuleelevane utgjorde ein tredjepart av folketalet, og saman med lærarane sette dei tidleg preg på Volda-samfunnet. Sjølve 17. mai-feiringa er eit godt døme på det. Det fyrste offisielle barnetoget fekk Bjørnstjerne Bjørnson i stand i Oslo i 1870, og det var fyrst frå 1880-åra at det byrja bli noko særleg feiring av nasjonaldagen rundt om i landet. Her i Volda ser det ut til å ha starta nettopp med den nye skulen for 150 år sidan. *Postbudet* som kom ut på Ekset, kunne laurdag 18. mai 1861 melde:

*Gaarsdagen, 17de Mai, feiredes ogsaa her paa en høitidelig Maade. Et Sangkor af den høiere Almueskoles Elever gikk om i Procession og afsang fædrelandske Sange, hvorefter et Lag af Omegnens Mænd om Aftenen samledes i det festligt smykkede Kommunelokale i den høiere Almueskoles Bygning.*

Me veit at desse lærarskule-elevane den 17. mai for 150 år sidan gjekk i tog heilt til Aasen-tunet. Brukaren der heitte Jon, og han fortalde seinare på året i eit brev til broren Ivar i Christiania at elevane hadde hylla han på tunet og sunge Aasen-songar av full hals.

Me har gode grunnar til å feire 150-års-jubileum for lærarutdanninga i Volda. Samstundes ser me framover mot eit endå større jubileum. Om tre år vert det 200-års-feiring av Grunnlova. Eg har inntrykk av at dei fleste historikarar er samde om at Eidsvoll-mennene i 1814 gav oss den friaste forfatninga i Europa. Sjølv om det frå starten ikkje var snakk om nokon ålmenn røysterett, så fekk Stortinget eit breiare veljargrunnlag enn det andre nasjonalforsamlingar hadde på den tida. Dette er stolte tradisjonar som det er viktig å ta vare på og å dele med andre.

### *Demokrati i stort og smått*

Demokrati er ikkje noko som er vunne ein gong for alle. Mykje har endra seg gjennom både 1800- og 1900-talet. Me har utfordringar i våre små og store fellesskap –og ikkje minst i eit globalt perspektiv. Fleire kollegaer ved høgskulen var i så måte med på eit spennande prosjekt for nokre år sidan.

Lærarutdannarar i Volda samarbeidde med lærarutdannarar i Malawi om korleis utdanninga kan vere med å opne for og å vidareutvikle reelt demokrati i samfunnet. Prosjektet resulterte i ei omfattande artikkelsamling, *Learning democracy. A resource book*, som vart publisert i 2007 i samarbeid mellom Universitetet i Malawi og Høgskulen i Volda.

Demokratiutvikling går føre seg mellom statsleiarar i høgtidelege internasjonale fora. Men også i heimar, i klasserom og i andre forsamlingar rundt om. Det handlar om at alle skal verte høyrde og respekterte som likeverdige menneske – utan omsyn på sosial eller sivil status, kjønn, inntekt, utdanning eller hudfarge.

Tillat meg i så måte å nemne endå eit jubileum. Den norske kyrkja feirar i år at det er 50 år sidan Ingrid Bjerkås vart ordinert som den fyrste kvinnepresten i kyrkja vår. Liksom me kan spørje kva Noreg hadde vore utan Grunnlova, eller kva Volda hadde vore utan lærarskulen, er det også god grunn til å spørje korleis kyrkja hadde vore i dag utan alle dei kloke og tenesteviljuge kvinnene.

### *StudiebygdA*

I 1860-åra skaut tettstadutviklinga fart her i Halkjelsvika, me fekk dei fyrste lærarskuleklassene og Jakob Kobberstad lurte på om ikkje Volda var i ferd med å verte ein by. Mykje har endra seg på 150 år, men eg har inntrykk av at dei fleste framleis er nøgde med bygdestatusen. Ja, det siste i så måte er eit glederikt initiativ frå studentane våre. Dei har i samråd med kommunen og høgskulen lansert prosjektet StudiebygdA. Det handlar om at livet for ein student er meir enn sjølve studia.

I konkurransen om søkjarar og tilflyttarar er det ikkje nok å ha høg kvalitet på forskning og undervisning. Studentane er også opptekne av at Volda skal vere ein god stad å bu og leve. Det handlar ikkje om å kopiere dei store studentbyane, men om at me i lag utviklar dei særlege kvalitetane i lokalsamfunnet – slik at me endå betre enn i dag kan syne att på Noregskartet som StudiebygdA.

Eg nyttar høvet til å rope hurra til studentane for initiativet, og samstundes oppmodar eg alle om å slutte opp om konstruktivt samarbeid for bulyst og alt godt som høyrer saman med det!

Lat meg så få avslutte med nokre ord av ein siste jubilar. Det er 160 år sidan Arne Garborg vart fødd, og frå hans mektige fedrelandssong gjev eg dykk alle denne helsinga:

*I kjærleik varm og mild  
me legg vår vilje til,  
då veks det fram.*



## 2b: «Varsomt på armen»

Kransing av bautaen ved Ørsta kyrkje 17.5.2013.

*Der bode en underlig gråsprængt en/ på den yderste nøgne ø; -  
han gjorde visst intet menneske mèn / hverken på land eller sjø;*

Ibsens mektige dikt om Terje Vigen er vel den forteljinga som er best kjend frå krigs- og nauudsåra tidleg på 1800-talet. Landet vårt låg enno under Danmark, og Napoleonskrigane og storpolitikken utvikla seg slik at kongen i Kjøbenhavn gav opp nøytraliteten og allierte seg med Napoleon. Dermed vart tidlegare gode grannar som Storbritannia og Sverige fiendar av det dansk-norske riket. Importen av korn vart effektivt hindra, og nauda vart forsterka av nokre særleg harde vintrar og dårlege avlingar:

*Så lakked og led det til krigens år / i atten hundred og ni.  
Endnu går sagn om de trængsels-kår, / som folket da stedtes i.  
Engelske krydsere stængte hver havn, / i landet var misvækst og nød,  
den fattige sulted, den rige led savn, / to kraftige arme var ingen til gavn,  
for døren stod sot og død.*

I den stoda var det mange svoltne, særleg på Sørlandet, som freista livnære seg ved å rane handelsskip som gjekk mellom England og Austersjøen. Eller dei freista smyge seg forbi fiendskipa i Skagerak for å kjøpe brødkorn i Danmark. Terje Vigen rodde i open båt og berga tre tønner bygg nesten heim til kone og barn. I skjergarden vart han oppdaga av ein engelsk korvett, og til liks med mange av dei som prøvde seg på sjørøveri, vart han ført i fangenskap:

*Han sad i «prisonen» i lange år, / der siges i fulde fem;  
hans nakke bøjed sig, gråt blev hans hår / af drømmene om hans hjem.*

Den store diktaren makta å gjere Terje Vigen til ein del av vårt kollektive norske minne. Mindre kjent er nok den direkte krigsinnsatsen som mange nordmenn gjorde i dei same åra. For å halde fast også på den sida av saka reiste ørstafolket i 1914 denne steinen – som det står «Til minne um ørstingar i ufreden 1807–1814».

Her kan me lese namna på fem som fall i strid mot svenskane ved Berby, tre som miste livet ved Kongsvinger og tre i Bergen. I tillegg er her lista opp alle soldatane som kom velberga heim att. Seinare er her sett på ei plate til minne om sju ørstingar som omkom i krigsåra frå 1939 til 1945.

Om opplevingane til soldatane rundt 1810 har me ei unik lokal kjelde i minneboka som grenader Jakob Rasmusson Vassbotn skreiv. Saman med fleire frå Volda, Ørsta og Hjørundfjord vart han innkalla og reiste sørover i september 1807 – først for litt meir militær trening i Bergen – og så til aktiv krigsteneste:

*Jeg Erindrer hvad jeg Tænkte naar Jeg Reiste forbi Voldshammeren, og forlod  
Volden, saa jeg tilbage til min Føde Egn igjen [...] Om aftenen kom vi til Hoex*

*Holmen, og der blev vi indkvarteret til Natten over alle sammen og alle var Sørgmodig over Reisen vi skulde paatage os. Men ingen kunde sige imod Kongens bud, vi maatte være færdig, naar hans bud var kommen.*

Slik vart bondesøner frå våre eigne bygder små brikkar i det europeiske stormaktspelet. Etter slaget ved Berby (innst i Iddefjorden, nær svenskegrensa) 12. september 1808 skriv Jakob Vassbotn:

*Alle laa paa Marken indtil den Svenske Armeie var bort Reiste, da formerede vi Kiæde, og marsserede tilbage og lede efter alle som var fordervet Skudtne. Og i samme vi kom over Broen fant der først en Svensk Soldat som Laa ved Bruenden, som var Død, og vi kom Længere frem at stykke til, da fant vi Knud Mo i fra Ørsten var for dervet skudt, men han dog levede, og har faaet Kugle igienem begge sine Knee; og Levede siden i 12 Dager, og døde siden, og blev begravet paa præstebakke Kirkegaard [...] Og til sammen som falt i Slaget var 9 Personer; alle vore Tømmer Mænd maatte gjøre Kiiste til dem alle, og Dagen efter, blev alle begravede med megen Høis stas. Alle deres Kiister var malet sordte, med Blomster straaet paa veien hvor de bar de hen til Graven. Og alle 9 blev satte i en grav saa Lang, at Ligesom det var en Seng, som de har sat Kartoffler i.*

Vassbotn si forteljing er gjennomgåande nøktern, men han skildrar denne kyrkjegarden som eit «prægtig Gravsted, bare fin Sand og tørt» – og når soldatgrava minner han om ei seng med setjepoteter, er det gjerne eit uttrykk for vona om at det kan kome noko godt av alt det vonde.

Denne bautasteinen ved kyrkjegardsporten er i alle fall reist til minne om forfedre som trufast utførte plikter i ei tøff teneste. Når me kransar han på 17. mai, held me fast medvitnet om at fred og fridom ikkje er noko sjølvsgatt. I Noreg er det relativt lett å snakke om krig og ufred som noko fortidig; «det var ein gong». Me veit altfor vel at terror og ufridom, krigshandlingar og naud, er ein dagleg realitet for mange av medmenneska våre. Lat oss tenkje også på dei ofra i dag, og lat vår glade feiring bli ein spore til vidare innsats for nestekjærleik, solidaritet på tvers av grenser og aktivt fredsarbeid på alle frontar!

Høgdepunktet i diktet om Terje Vigen er når han som eldre los mange år seinare møter att engelskmannen som i si tid fanga han, og Terje har sjansen til å ta hemn. Lorden hadde no kone og eit lite barn med på skipet, og synet av veslejenten fjerna hemnhugen og skapte forsoning:

*De takked for frelsen da stormen peb, / for frelsen fra sjøgang og skær;  
men Terje strøg over barnets slæb: / «nej, den som frelste, da verst det kneb,  
det var nok den lille der»*

Dei minste vekkjer gjerne det beste i oss, og me har alle ei oppgåve i å gjere verda til ein betre stad for dei som veks opp: «Vi vil ta vare på / skjønnheten, varmen, / som om vi bar et barn, / varsomt på armen» (Nordahl Grieg 1936).

Til lukke med fridomsdagen!

### 3. IVAR, ANDERS OG JOSTEIN

#### 3a: Hipp, hipp, hurra for Ivar Aasen!

Fødselsdagshelsing på heimesida åt Høgskulen i Volda (publisert 1.8.2013).

*Her er ein høvelag Kvilestad, / her ser du langt tilbake. / Prøv no, um du kann vera glad, / og nokon Hugnad smaka. / Rekna no ut, kor lengje d'er / du heve voret paa Vegen, / sjaa, so, kor langt du komen er, / og kjenn, um du verder fegen.*

Slik innleia Ivar Aasen eit langt dikt til førtiårsdagen sin. Han sette høge krav til seg sjølv, og han var ikkje nøgd med måten han hadde utnytta fyrste halvdelan av livet på: «Endaa er du'kje vorden Mann, / endaa gjeng du i Læra, / endaa vel knapt du tala kann / og liva med Folk med Æra».

Det såraste var nok saknet av ein eigen heim og ei kjærleg kvinne ved sida si: «Kvar er dan vene Drosi væl, / som skulde med deg røda, / gjera deg alltid glad og sæl / og søta deg all di Møda?» Men korkje saknaden, alle plagene og sykjene han kjende på, heller ikkje dei mange tiggaraane på døra eller anna uro i byen der han opplevde seg «heimlaus, frendelaus og litet kjend»; inkje av dette hindra Ivar i å gjere eit storverk for landet og folket sitt.

På 200-års-dagen er det grunn for oss til å stanse opp og sjå attende på livsverket åt gardbrukarsonen frå Hovdebygda. Det gjev verkeleg grunn til jublande feiring. Då Aasen runda førti i 1853 hadde han lagt grunnlaget for det nynorske skriftspråket med fyrsteutgåvene av grammatikk og ordbok, og han hadde nettopp fått ut *Prøver af Landsmaalet i Norge* som var den aller fyrste boka på nynorsk.

Etter «førtiårskrisa» fekk han mange gode arbeidsår med vidare innsamling, systematisk dokumentasjon og førebiletleg bruk av det norske språket. Mange av Aasen-dikta vart raskt folkekjære songar som er velkjende den dag i dag. Samstundes brukte han mykje av tida si på rettleiing av andre som tidleg tok landsmålet i bruk.

Såleis var han gjennom 1880-åra aktivt med i gruppa som fekk omsett heile *Nytestamentet* til nynorsk. Det var viktig for Ivar Aasen at det nye bibelspråket «kunde gives i en værdig og velklingende Stiil og ikke lempes for meget efter en skjødsløs og forfusket Hverdagstale». Arbeidet med religiøse og andre klassiske tekster var med og gjorde det som hadde vore «Almuesproget» til eit respektert kulturspråk.

Arven etter Ivar Aasen er viktig for Høgskulen i Volda. Me er glade for det gode granneskapet med Aasen-tunet og samarbeidet med Nynorsk kultursentrum. Samstundes er me stolte over å ha vårt eige Ivar Aasen-institutt med forskingssenteret for skriftkultur – og for vertskapsrolla høgskulen har for Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale senter for nynorsk i opplæringa.

I Ivar Aasen-tunet vert jubilaranten feira frå 1. til 5. august, og eg oppmodar alle som har høve til å få med seg eitt eller fleire av arrangementa. På sjølve fødselsdagen vert det m.a. servert

200-års-kake, og på kvelden er det festmøte med forfatteren Maria Parr som programleiar og kulturminister Hadia Tajik som hovudtalar.

Gratulerer så mykje med dagen, Ivar! Du gav oss ein arv som er større enn mange vil tru!

### 3b: Høgskulen i Volda hyllar nynorskens far

Kronikk i *Sunnmørsposten* 5.8.2013.

Då «attpåslengen» Iver Andreas kom til verda på Åse-garden i Ørsta 5. august 1813, var det ikkje mykje som tilsa at han skulle verte av dei mest vidgjetne menn i Noreg. Som treåring miste han mora, og på dødsleget var hennar store sut kven som no skulle lære den vesle å lese.

Me veit at han vart ein storlesar, og gjennom livsverket gjorde han vegen til bøkene lettare for folket. Høgskulen i Volda hyllar jubilanten, og me vil gjere vårt for å føre arven frå Ivar Aasen vidare.

Språk er ein sentral del av identiteten vår. Mange stader i verda vert dialektar og minoritetsspråk utsette for hånflir og undertrykking. Nedvurderinga av folket sitt eige mål vart ein viktig spore for Aasens innsats: «Det har alltid smertet mig bittert, naar jeg hørte vort Almuesprog krænkes og belees». Slik står det i notatet «Om vort Skriftsprog» som han forfatta allereie som huslærar hjå kaptein Daae på Solnør i 1836.

Når Noreg no hadde fått att sjølvstendet, burde me også bruke vårt eige språk; folkespråket «som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i». Kort og konsist formulerte den unge Aasen programmet som han sjølv kom til å setje i verk. Det handla om vitskapleg innsamling av språk frå alle landsdelar – og så utarbeiding av ordbok og grammatikk.

#### *Fridom og mangfald*

Ivar Aasen ynskte ikkje at den nye skriftnorma skulle tvingast på nokon: «Denne nye Sprogform skulde dog aldeles ikke paabydes eller paanødes; man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge det Nye eller Gamle efter eget Godtbefindende».

Slik la han grunnlaget for eit moderne Noreg med språkleg mangfald. Sidan 1884 har me hatt to jamstelte norske skriftspråk. I tillegg kjem dei samiske språka og alle minoritetsspråka som innvandarane har med seg.

Då mi russiske svigermor fekk høyre at eg snakkar sunnmøring både heime og på arbeid, kom ho i alvorleg tvil om kva slags høgskule dette kan vere – med ein rektor som bruker dialekt (!) For mange utlendingar er det vanskeleg å forstå at folk med utdanning, for ikkje å snakke om statsrådar eller prinsesser, kan bruke landsdelsdialektar som noko heilt sjølvstøtt. «Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld», som Tarjei Vesaas skreiv.

Forholdet mellom nynorsk og bokmål saman med verdsetjinga av dialektane gjer at mange nordmenn er opptekne av språklege spørsmål. Mangfaldet av talemål på arbeidsplassar, i viser, populærkultur, radio og fjernsyn har mellom anna ført til at me mykje lettare forstår dei skandinaviske grannane våre enn kva danskar og svenskar gjer.

### *Ivar Aasen-instituttet*

Nynorsk språk og kultur har alltid hatt ein naturleg plass ved Høgskulen i Volda. Ivar Aasen-instituttet for forskning, undervisning og publisering vart oppretta allereie i 1994, og sidan 2002 har me hatt den einaste mastergraden i verda i nynorsk skriftkultur.

Strategiplanen for høgskulen slår fast at me har «eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning», og frå i år er organiseringa justert for å integrere nynorsksatsinga betre i den ordinære verksemda. Innafor det store Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur har me oppretta eit eige Forskingssenter for skriftkultur. Det har lokal forankring, men nasjonale oppgåver og internasjonal horisont.

På mange plan gjev kunnskap om språk og tekster innsyn i kulturen og oss sjølve, og slik kunnskap fremjar aktivt samfunnsansvar. Mastergradsprogrammet har ei tverrfagleg tilnærming som tek føre seg både skriftkultur generelt og utviklinga av «det nynorske» spesielt.

No i Språkåret har Høgskulen i Volda saman med Universitetet i Bergen og dei andre høgskulane på Vestlandet oppretta eit eige forskingsnettverk for nynorsk. Mange har sterke meiningar om dei ulike formene for norsk og den nasjonale språkpolitikken, men det finst lite forskingsbasert dokumentasjon omkring t.d. sidemålsundervisning og språkbytteproblematikk. Det nye nettverket vil vere med og bøte på denne mangelen, og me er glade for at Kunnskapsdepartementet allereie har prioritert midlar til forskningssamarbeidet.

### *Sunnmøringane*

For hundre år sidan skreiv Halvdan Koht ei skildring av granskaren og målreisaren som opna med å plassere Aasen i den sunnmørske samanhengen. Koht la vekt på at folket her var fostra i harde kår, men kombinerte på makelaust vis det materielle med det kulturelle:

*Det er sermerkt, at desse same bygdene som hev skapt dampskips-fiskja, dei hev samstundes reist den sterkaste ungdomslags-skipnaden i landet; dei er millom dei fremste i skulearbeid og boksamlingar. Sunnmøre er amerikanskt i arbeidsliv, men sterkt norskt i aandsliv. Det hev vorte ei borg for den djervaste norskdomen, det bruker mest ikkje anna enn reinspika norskt maal.*

Ein del av dette er attkjenneleg også i 2013. Næringslivet er i verdsfronten på mange område og klarer seg betre enn i andre landsdelar. Me har også rike kulturtradisjonar og mykje verdifull friviljug innsats innafor sosialt arbeid og åndsliv. Samstundes kan det diskuterasst kor høgt kultur og utdanning vert prioritert. Og så var det spørsmålet om bruken av «reinspika norskt maal» ...

Høgskulen i Volda hyllar i alle fall Ivar Aasen ved 200-års-markeringa, og me er stolte over å få bygge vidare på grunnmuren som han og andre la: «Lat oss inkje forfedrene gløyma, under alt som me venda og snu; for dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større, enn mange vil tru».

### 3c: Eit livsverk bore av tru

Kronikk i *Vårt Land* 5.8.2013.

Dei fleste nordmenn kjenner Ivar Aasen som grunnleggar av nynorsken og som forfattar av folkelege songar. Ved 200-års-feiringa kan det vere grunn til å minne også om kristentrua hans og innsatsen for det religiøse språket.

Den eldste teksta som finst etter Aasen er ei bøn på rim som tek til slik: «Algodheds Gud, min Fader! / Mit Haab kun staaer til dig». Den salmen skreiv han allereie som tolvåring. Versa avspeglar oppveksten i eit samfunn som hadde vorte forma av bibelske forteljingar og Luthers katekisme gjennom generasjonane.

#### *Religiøs vekking*

I 1820-åra sette den haugianske vekkinga sterkt preg på Aasens heimbygd Ørsta. Som ung omgangsskulelærer var han med «lesarane», og han skreiv fleire religiøse dikt på dansk.

Eit interessant døme er «Namnevisa». Ho har heile 16 strofer, og set me saman fyrste bokstaven i kvart vers etter kvarandre, så dukkar namnet på forfattaren opp, nemleg «Iver Andreas Aasen». Innhaldet er heilt i samsvar med haugiansk kristendomsforståing og ordbruk.

Som 23-åring såg Aasen attende med kritisk distanse til somme sider ved vekkingrørsla. Han ynskte at ho hadde fremja sann opplysning og vore kombinert med meir tolsemnd mot dei som tenkte annleis.

Han fortel at han i ungdomsåra las dei fleste av Hans Nielsen Hauge sine bøker, men at han vart åtvvara mot å kaste vekk tida på «verdsleg» lesnad – anten det var opplysningsskrifter eller eventyr og fantasiforteljingar.

#### *Vit og tru*

For Aasen vart det tidleg viktig å kunne sameine trua med forskinga. Det trong ikkje vere nokon motsetnad mellom sann opplysning og klassisk kristendom. Dagbøkene syner at han var ein trufast kyrkjegjengar – og han viste kristeleg sinnelag ved ofte å hjelpe; både trengande bondestudentar og fattige tiggjarar.

Dei mest kjende tekstene hans inneheld mykje sunn folkevisdom og vakre naturskildringar, men fleire speglar også ei fast skapartru og ei trygg tillit til barnelærdomen. Samlinga *Symra* har mot slutten diktet “Livet” som skildrar skiftingane i tilværet. Oppsummeringa i siste strofa lyder slik: “Kjært er Livet med all sin Harm; / det klaarnar, alt som det gjenger. / Men endaa treng eg ei Von i Barm / um eit, som varer lenger.”

Trongen for noko som går ut over det timelege, framheva Aasen også i diktet “Livssyn”. Der høyrer me om ei røyst frå høgda som har svara på dei store spørsmåla. Mannavitet rekk ikkje til: “Med alt, som han grundar, han kjem ikkje lenger, / og stødt til det heilage Ordet han trenger.”

I 1875-utgåva kom eit nytt dikt inn i *Symra*. Under tittelen “Vit og Tru” handlar det atter om grunnvilkåra i tilværet: Kva er eigentleg livet, kvar kjem det frå og kvar vert det av? Korleis kan me skjøne livskrafta i det minste frøet og endeløysa i universet? Aasen minner om at det “som me vita fullt, / er litet mot alt, som fyr’ oss er dult”, og han konkluderer med å syne til ei tru som kan trøyste og styrkje: “Eg vonar, den Viisdomen hjelper mest, / som med slik ei Tru kunde semjast best.”

### *Kallsmedvit*

I «Takk vere Gud» frå 1860-åra vert Skaparen prisa for det vedunderlege livet og for oppsedinga som dikteren fekk: “Sæl var eg, at eg kom i goda Grender [...] Der fekk eg lært ei Tru, som lyfter Huguen / paa sterke Stigar yver Sorg og Naud.”

Her lyder også takka for at han fekk liv og helse til verket: «Takk vere Gud, som gav meg Liv og Ande / og let meg sjaa hans væne rike Jord / og let meg sleppa fri fraa all den Vande, / som kunde fellt meg, fyrr mi Gjerd var gjord».

Hausten 1853 herja koleraen i Christiania, og Aasen som stendig kjende seg dårleg, skreiv at “hev du eitt ugjort, smaatt elder stort, / so fær du væl Lov te liva”.

### *Religiøse kjernetekster*

I eit brev til M.B. Landstad i 1864 klaga Ivar Aasen over at det framleis ville vare lenge før folket fekk synge og be i sitt eige tungemål. På oppmoding frå andre gjorde han tidleg freistnader med fornorsking av religiøse tekster. Såleis sette han om Luther-salmen «Vaar Gud er oss so fast ei Borg» i 1855 og likninga om den bortkomne sonen i tillegg til skapings- og syndefallssoga i 1859.

Samstundes vitnar kjeldene om at Aasen lenge var avventande til å gjere stort med slike tekster. Han ville vente til den nye språkforma var betre utvikla. Berre det beste var godt nok for dei heilage skriftene.

I 1880 let han seg overtale til å setje om sentrale katekismestykke – og også til å bli med på pionerprosjektet å setje *Nytestamentet* om til landsmål. Motivasjonen var å verke til at det nye bibelspråket vart verdig og velklingande og ikkje for mykje prega av munnslepp daglegtale.

Fyrst samarbeidde han med Elias Blix om det krevjande Romarbrevet. Vidare gjennom 1880-åra vart Aasen sitjande i mange og lange møte med både Blix, Johannes Belsheim og Matias Skard for å finne fram til dei rettaste og beste norske attgjevingane av gresken i NT.



Skard klaga seinare over at Belsheim og Aasen var så svære til å fortelje historier at arbeidet stundom vart bortheft. Det tyder på at Aasen likte samlingane og treivst. Han fekk arbeide nært saman med kjekke og kunnskapsrike folk om ei stor og viktig oppgåve.

### *Det gror i spora*

«Symra teiknar til Sumars Bil; / um Vaaren tidla ho blømer», sa Aasen om si eiga skiving, «men fleire Blomar maa koma til, naar Kulden or Markom rømer». I spora hans fekk me ein ny vår for salmesongen i Noreg. Aasens språkarbeid og dikting vart utgangspunkt og til stor inspirasjon for slike som Barstad, Blix, Hognestad, Hovden, Skard, Støylen og mange fleire gjennom generasjonane fram til i dag.

Historia om Ivar Aasen er historia om ein mann frå allmugen som tidleg formulerte programmet om å systematisere og skriftfeste folket sitt eige språk. Deretter arbeidde han trufast for å gjere draumen til røyndom.

I gode og vonde dagar heldt trua han oppe: «Han trudde paa arbeidet sitt, han trudde paa saki si, og han trudde paa Gud» – som Halvdan Koht formulerte det ved hundreårsminnet i 1913. Den trygge trua gav styrke til livsverket.

### 3d: Aasen og Grunnlova

Oppstartseminar for revisjon av mastergraden i nynorsk skriftkultur, HVO 4.12.2013.

God dag, alle saman, og velkomne til ei viktig samling ved Høgskulen i Volda! Me møtest her på tampen av Språkåret 2013 for å sjøsetje ei skute som skal ut på ein spennande seglas – sannsynlegvis i både solskin og stormkast – gjennom eit nytt stort jubileumsår, nemleg 2014 med feiring av Grunnlova, det norske sjølvstendet og demokratiet.

Den unge huslæraren Ivar Aasen tok utgangspunkt i 1814 då han forma programskriftet «Om vort Skriftsprog» i 1836. Opninga hans der var slik: «Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemerke».

Grunnlova som slik sa han ikkje noko om då, men ho vart snart dregen inn i språkdebattane. «Grundloven hænger i Bondens Stue», skreiv Theodor Kjerulf i 1867, «Gutten den saa, fra han kunde skue, / staved den siden, Ord for Ord». Grunnlovsteksta vart av han sett som den ideelle læremeister i språkopplæringa. Diktet var stila «Til Maalstræverne», og dei fekk passa sine påskrivne som umoderne og bakstrevarske: «Fra gamle Bauta og Kjempehøje / I have den smuldrende Erts for Øje, – / men nu bruges blankere Redskab af Jern».

Mange målfolk kjende seg kalla til å svare. Ivar Aasen var vel kjend med argumentasjonen frå før, og han kommenterte at det nedervde språket, «lært uden Skole og brugt uden Tvang», er viktigare og meir verdifullt for folket enn det som er «indkommanderet, / lært under Tvang eller indstuderet / i en Forhaabning om Gunst og Rang».

Andre som kom med svardikt var Anders Reitan, Hans Mo og Olav Paulson. Dei som måtte vere interesserte kan lese meir om denne språkstriden på rim i *Syn og Segn* nr. 1 i år. Som de skjønar let ikkje målstrevarane seg målbinde av professor Kjerulf, og den gode Olav Paulson opna svaret sitt slik:

*Grunnlogi henger paa Bondens Vegg,  
men skyna Logi han knapt kann gjera,  
for Maalet smakar som rotne Egg,  
er framandt, elgjet og ilt at læra.  
Nei, likar' sprakar  
og betre smakar  
dat fedramaalet,  
som klang lik Staalet  
fraa Sagatid.*

Nikolaus Gjelsvik sette forresten Grunnlova om til nynorsk i 1901. Den omsetjinga vart aldri godkjend av Stortinget, men som de sikkert kjenner til har det i seinare tid vorte arbeidd med

språkleg moderniserte utgåver på både bokmål og nynorsk – som er planlagt vedtekne i jubileumsåret.

Med desse opningsorda har eg heilt medvite ikkje lagt spesielle føringar for arbeidet med revisjon av mastergraden. Lat meg berre få ytre takksemnd for velviljen de har synt – både ved å bli med i fagrådet og i arbeidsgruppa for mastergradsrevisjonen. Eg ynskjer lukke til med kreative prosessar, og eg vonar de finn løysingar som tek i vare det beste frå det noverande studiet samstundes som me får fornying som dreg endå fleire studentar til Volda og senteret vårt for skriftkultur. Lukke til!

### 3e: Anders Hovden – kva ville han med livet?

Spalte i *Dag og Tid* 30.4.2015.

Anders Karlson Hovden (1860–1943) var fiskarbondeson frå Hovdebygda i Ørsta. Etter lærarskule i Volda og artiumskurs i Kvinnherad vart han teolog og aktiv målmann. Han gjorde teneste fyrst som kapellan på Lista, i Oslo bispedøme og i Krødsherad. Deretter var han sokneprest i Melhus og på Østre Toten.

#### *Viktigaste boka hans*

I den store mengda av diktsamlingar, romanar, minnebøker og preikesamlingar står *Nynorsk Salmebok* som den viktigaste utgjevinga. Hovden redigerte henne saman med biskopane Hognestad og Støylen. Av i alt 711 salmar stod han sjølv for 128 originale og 81 gjendikta.

#### *Kva meinte han om samtida*

Frå studietida tidleg i 1880-åra heia Hovden på sentrale venstresaker som målreising, parlamentarisme og unionsoppløysing. I 1905 var han ovglad over frigjeringa frå Sverige, men deretter skuffa over at folk ville ha kongedøme på nytt. Dei to verdskrigane opplevde han som uhyggelege vonbrot.

#### *Kva innverknad hadde han på ettertida?*

Anders Hovden har hatt innverknad fyrst og fremst gjennom salmane. I lag med andre landsmåls pionerar opna han kyrkjer, skular og heimar over heile landet for nynorsken med friske strofer som folk fort vart glade i. Med personleg nerve og råkande naturbilete fekk han formidla ein lysare og tryggare kristendom enn mange hadde vore vane med her til lands.

#### *Var han lukkeleg?*

Ungdomsåra var ikkje berre enkle, og Hovden møtte tidleg tung sorg: Faren døydde i 1877, ei kjær syster i 1889, den fyrste kona i 1895, den nære venen Per Sivle tok livet sitt i 1904 og eldstedottera døydde av tuberkulose som 17-åring i 1910. Men livsviljen og gudstrua bar gjennom prøvingar og motstand, og inntrykket er at han gjennom det meste av livet opplevde lukke.

### *Var han eit godt menneske?*

Hovdens eigne tekster og vitnemål frå andre tyder på at han var eit varmhjarta og godt menneske. Han såg og ville lyfte opp dei som streva. Han formidla mot og status til smålåtne. Han var familie- og venekjær.

Minneboka *Attersyn* har mange døme på korleis han respekterte og fann fine sider også hjå folk han møtte motstand frå. Eit uttrykk for tålsemnda er at då han omsette mange tekster til *Sangboken* 1928, godtok han å gjere det anonymt – av di namnet hans var så kontroversielt i bedehusmiljøa.

### *Kven var han i strid med?*

Hovden stridde særleg mot trongsynte kristne og mot dei som ville landsmålet til livs. Han vart tidleg skeptisk til dei alvorstunge og kulturfiendslege sidene ved vestnorske vekkingsrørsler. Lokale pietistar reagerte så sterkt på Hovdens frilynne at dei i 1916 fekk han til å seie frå seg sokneprest-embetet i Ålesund fjorten dagar etter at han vart utnemnd.

For riksmålspress gav han derimot ikkje etter. Motstanden mot landsmål var stor i alle prestegjelda han tente, men når folk fekk verte kjende med han, vart dei fleste glade i den rakrygga diktarpresten.

### *Trudde han på Gud?*

Ja! Tvil og tunge tankar kunne visseleg plage han som andre, men etter ei pietistisk prega periode i ungdomen, kom han fram til ei avklara og livsglad kristentru.

### *Kva ville han med livet?*

Anders ville ære mora og faren – og gjennom dei alle ærlege slitarar og medmenneske i skiftande kår over heile landet – ved å lyfte språket deira til talarstol og kyrkjekor.

Gjennom dikting, stemnetalar, presteteneste og ikkje minst gjennom omsette og originale salmar fekk han formidla tru, von og kjærleik – og slik måla ein høgare himmel over kvardagslivet.

### *Typisk sitat*

Om det teologiske trekløveret som Samlaget sette til å lage *Nynorsk Salmebok*: «Hognestad er klok og kald, Støylen klok og varm, og eg er vel berre varm!»

### 3f: Takk og til lukke!

Helsing til Jostein Fet i Ivar Aasen-tunet 27.6.2015.

Gode Jostein Fet! Den siste boka di handlar mykje om religiøs litteratur, og eg har funne å vilje opne denne helsinga med eit gammalt spørsmål frå Johannes-evangeliet: «Kan det kome noko godt frå Nasaret?» (Joh 1, 46).

Skepsisen mot at det kan kome noko verdifullt frå bygder og småbyar langt frå hovudstaden er utruleg seigliva. Utan nærare samanlikning med meisteren frå Nasaret, er det ei kjensgjerning at vår gode kollega Jostein Fet har gjort opptil fleire livsverk som provar at det kjem mykje godt frå bygdene både på Sunnmøre og andre stader.

Du tok til som lektor ved Volda lærarskule i dei tider då noverande rektor lærte å gå. Medan eg enno gjekk i barneskulen, kjempa du ein durabeleg kamp med sentrale styresmakter for å få distriktshøgskulen hit. Takka vere fleire gode krefter vart den striden krona med siger. Du vart undervisningsleiar og seinare dosent ved høgskulen.

No har me igjen eit Storting og ei regjering med sterk tru på sentralisering, store einingar og såkalla robuste fagmiljø. Retorikken handlar mykje om internasjonal konkurranse og om å slå saman høgskular og universitet til så solide institusjonar at ein kan avle fram eksellense og gjennombrøtsforskning ...

Du har gjennom ditt livslange verke synt at det ikkje er kjøtvekta eller nærleiken til Sinsenkryssset som er avgjerande. Du har gjort eit noggrant granskingsarbeid i tiår etter tiår – som har resultert i ein imponerande produksjon – ikkje minst i den lange perioden etter at du formelt vart pensjonist.

Kulturredaktøren i *Vårt Land* skreiv i ein velfortent hyllest no på onsdag: «Dei seinaste 20 åra har Jostein Fet publisert fem store bøker på til saman 2300 sider om allmugens skriftkultur frå 1500- til 1800-talet. Prestasjonen overgår Karl Ove Knausgårds *Min kamp*» (A.K. Walgermo i *Vårt Land* 24.6.2015).

Frå basen din her hjå oss har du formidla forskingsresultat som har ført til omskriving av vesentlege kapittel i kultursoga. Du har dokumentert korleis lese- og skrivekunna var mykje meir utbreidd mellom forfedrane våre enn det som tidlegare var gjengs oppfatning.

Kjære Jostein! Ved Høgskulen i Volda er me svært stolte og takksame over alt du har hatt helse og trott til å utrette, og det er ei stor glede for meg å få gje deg denne blomeoppsatsen som eit synleg uttrykk for gratulasjonane frå alle oss i høgskulemiljøet!

## 4. FRÅ SAK TIL SAKS

### 4a: Statsråden spør og me skal svare

Tale ved semesteravslutninga 18.6.2014.

*Gode medarbeidarar!*

Me har nyleg fått eit brev; minister Torbjørns fyrste epistel til små og store forsamlingar i det norske UH-landskapet.

Bodskapen i brevet er utfordrande. Alle universitet og høgskular har fått i oppdrag å ransake seg sjølve – for å sjå om me er «på fortapings veg» (jf. Salme 139 – i eldre omsetjing) og om korleis me kan leiast på rett veg.

Målet skal vere høgare kvalitet, men det statsråden konkret bed om innspel til, handlar mykje om kvantitet, konkurransekraft og struktur. Dei mange delspørsmåla og kulepunkta i brevet kan samanfattast i dette overordna spørsmålet – som de no skal få sitert ordrett i kunnskapsministerens eiga språkform:

*Hvor og hvordan finner og realiserer din institusjon sin strategiske posisjon i et UH-landskap med færre institusjoner, en krevende demografisk utvikling (for mange læresteder) og med tydeligere forventninger til akademisk standard (læringsutbytte, forskningskvalitet) – forventninger som følges opp og får konsekvenser?*

Brevet er sjølvstøtt offentleg, og me skal gjere det lett tilgjengeleg på heimesidene slik at de kan lese alt i samanheng, kjære kollegaer. Men lat meg her nemne nokre av spørsmåla me er bedne om å drage inn i vurderinga av den strategiske posisjonen for høgskulen:

- *Bør institusjoner med få søkere og lave studenttall legge ned tilbud som er dekket av andre i regionen, eller som faller utenfor institusjonens definerte profil?*
- *Hvor lave kandidattall er forenelige med studiekvalitet, robusthet og kostnadseffektivitet?*
- *Bør små mastergrads- og ph.d.-programmer samles på noen utvalgte institusjoner for å sikre at mastergrads- og ph.d.-studentene inngår i et fagmiljø?*
- *Bør profesjonsutdanningene tilbys på færre institusjoner, slik at fagmiljøene er mer robuste?*
- *Hvordan kan vi sikre at profesjonsutdanninger med korte forskningstradisjoner er FoU-baserte?*

De høyrer vel at retorikken løyver lite tvil om kva retning departementet ynskjer å styre i. SAK har no vorte til SAKS. For å få ny fart på det som har vore friviljuge prosessar med Samarbeid, Arbeidsdeling og Konsentrasjon, har det nye regimet lagt til ein slutt-S – for Samanslåing. Ein sentral del av oppdraget me har fått er å svare på fylgjande spørsmål:

*Hvordan kan institusjonen styrkes gjennom sammenslåing med en annen eller flere andre institusjoner, eller hvordan kan institusjonen bidra til å løfte kvaliteten på utdanning og forskning ved andre institusjoner gjennom sammenslåing?*

I dette arbeidet vert me no pressa av knappe tidsfristar. Men her ved HVO var me allereie i gang med ein strategiprosess som ministerbrevet aktualiserer og understrekar konteksten for:

- 8. mai hadde me strategiseminar for alle avdelingsråda – der dei fekk presentere avdelingane og møte statssekretæren.
- 4. og 5. juni hadde me styremøte med strategiseminar i Ulsteinvik.
- 11. juni stod oppdragsbrevet sentralt på styremøtet i UHnettVest i Bergen.

Tidsplanen framover er slik:

- I sommar skal saka førebuast til eit ekstra styremøte 22. august. Til det høyrer eit notat på ei side om status i arbeidet og om kva strukturendringar høgskulen vil diskutere i eit dialogmøte som deptet har kalla oss inn til i september.
- 27. august skal dette korte notatet sendast til KD.
- 1. og 2. sept er det styremøte i UH-nett-Vest i Sogndal.
- 17. september vert det møte med departementet (i lag med andre inst. i Midt-Noreg). Departementet har i alt fem slike regionale dialogmøte i sept.
- 25. sept. vert det høgskulestyremøte der det m.a. er lagt opp til å vedta ny strategiplan.
- 28. og 29. oktober er det nytt HVO-styreseminar.
- 31. oktober er fristen for dei endeleg innspela til KD.
- Våren 2015 vil deptet legge fram ei stortingsmelding om struktur i høgare utdanning.

Eg er oppteken av at de alle vert involverte i desse prosessane. Avdelingsråda er viktige, men spørsmåla bør også drøftast i seksjonar, institutt og andre fora. Frå AHL fekk me tips om å vurdere allmøte, og eg kan tenkje meg å få til eit slikt rundt semesterstarten i august.

Svara på spørsmåla frå statsråden skal styret vårt etter kvart ta stilling til – etter så gode prosessar som råd i organisasjonen, men eg kan ymte litt om kva eg sjølv tenkjer:

Gjennom dei seinare åra har me fått i stand fleire spennande og fruktberre samarbeidstiltak i ramma av UH-nett-Vest. For å styrke fagmiljøa våre og dei viktige utdanningane ved HVO meiner eg det er rett å intensivere kontakten og samhandlinga med UiB og høgskulane på



Vestlandet. Me har sams interesser i å styrke Vestlandet som forskings- og utdanningsregion, og på styremøtet i førre veke vart det vedteke å få analysert vilkåra for ein meir forpliktande struktur i nettverket.

Det vil seie at me i fyrste omgang ikkje ser føre oss fusjonar på Vestlandet, men kanskje kan det vere eit alternativ å opprette eit organ som me kan overføre *noko* av suvereniteten vår til. At me altså framleis har ein høgskule i Volda med eige styre, men at dette styret kan vedta at t.d. eit vidareutvikla UH-nett-Vest kan få fullmakter til koordinering, samkøying av forskingsprosjekt og studietilbod; eventuelt disponere meir av ressursane enn i dag osv. Dette er som de forstår enno ikkje konkretisert – og me veit ikkje om styresmaktene vil vere nøgde med ein slik modell –, men eg meiner i alle fall at me tydeleg har faglege tilknytingspunkt og sams interesser i det vestnorske universitets- og høgskulenettverket.

Dei av dykk som har hange med og høyrte etter til no, vil ha oppdaga at dette ikkje har vore nokon ordinær takk-for-innsatsen-i-år-tale. Difor gjer eg her eit innskot og seier: For all del; mange takk for ihuga og flott innsats også gjennom dette studieåret! Men eg meiner brevet frå ministeren er så viktig, at det var grunn til å nytte høvet til å dele budskapet med dykk. De fortener alle nokre rolege sommar dagar etter kvart, og eg veit det vert travelt med mangt og mykje også kring semesterstarten. Samstundes er det som kjem ut av dei aktuelle strategi- og strukturprosessane truleg det mest avgjerande som har funne stad i sektoren vår sidan epoken under Gudmund Hernes.

Tidlegare når det har vore ymta om store endringar for HVO, har eg ofte brukt munnhellet om at det ikkje vert i mi tid. Men for kvart nytt utspel den politiske leiinga i departementet har kome med, har det vorte klarare for meg at dei ikkje berre vil snakke om kvalitet, konkurranse og struktur; dei vil også syne handlekraft og få endringar vedtekne.

Me lever altså i spennande tider, og eg er oppteken av at me ikkje går i dekning i gamle skyttargraver, men at me i lag finn ut korleis også det vindaugget som Kunnskapsministeren no har opna, kan nyttast til nytenking og positiv utvikling for fagmiljøa våre og studietilboda i Volda.

Me har eit godt utgangspunkt på mange område. Me er rike på hjernekraft og humankapital, på kreativitet og kulturell kapital. Det er ikkje tid for depping, men me skal vite at viktig arbeid ligg framføre. Saman satsar eg på at me skal gjennomføre også desse prosessane med optimisme og frisk dugnadsånd. No skal me i alle fall fyrst ete, drikke, nyte sommaren og vere glade. Ver så god – og lukke til med ferievekene som nærmar seg!

## 4b: «Millom jamningar helst er eg nøgd»

Innlegg på fagdag ved Høgskulen i Sogn og Fjordane 23.1.2015.

Godt folk!

Som teolog er eg van med at preika skal ta utgangspunkt i ei autoritativ tekst, og skriftstaden for denne talen er eit av dei mindre kjende Aasen-versa. Lyden kan verte sitjande under lesinga. Verset lyder slik:

*Lat no andre um Storleiken kivast,  
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!  
Millom Kaksar eg litet kann trivast,  
millom Jamningar helst er eg nøgd.*

Dette er frå ein versjon av "Nordmannen" som Ivar Aasen skreiv i 1867 og som vart trykt til 17.-mai-festen i Studentersamfundet det året. Oppgåva i dag er ikkje å legge ut denne strofa, men ho skal få stå som overskrift og peike på noko eg oppfattar som vesentleg i den aktuelle debatten.

Før me går vidare må eg få takke så mykje for invitasjonen. Heilt sidan han kom i god tid før jul har eg gleda meg til denne samlinga. Eg meiner nemleg at eg har ein god bodskap å formidle.

Innhaldet i det følgjande vert disponert i tre punkt:

- 1) Å kome på talefot
- 2) Smått har vore godt – til nyåret 2015
- 3) Utdanningsmakt på Nord-Vestlandet

### *1) Å kome på talefot*

Alltid når me skal tale, vil det vere tenleg å ha gjort seg så kjend med målgruppa som råd er. Eg har difor budd meg gjennom studiar av kjelder om tidlegare møte med fjordingar og sogningar – og som skal vere truverdige vitnemål om folkeferdet i dette fylket.

Fyrst frå legenda om den heilaga Sunniva og Seljumennene. Den fromme, irske kongsdottera skal på 900-talet ha kome drivande med følgjet sitt i open båt utan segl, ror eller årar, og eg siterer:

*Etter ei lang sjøreise styrte Gud dette reisefølgjet til den delen av Noreg som heiter Fjordane fylke. Folket i denne landsdelen – fullstendig fritt for fornuft og med råde og*

*barbariske skikkar – samla hærfolk så snart dei såg Guds heilage nærme seg deira einemerke. Dei drog imot dei med sverd og stokkar som om det var røvarar som kom. Og då dei ikkje klarte å fange båtfolket, fekk dei dreve dei langt frå land med piler og steinar. For dei var forblinda av heidenskap, og augo deira tålte ikkje å sjå det klare lyset frå sanninga.*

I staden for å kommentere dette nærare hoppar me nesten tusen år fram i tida, nemleg til hausten 1842 og vinteren 1843, då den unge Ivar Aasen var på granskarferd i grendene her. Han noterte seg ikkje berre dialektord og seiemåtar, men også forvitnelege observasjonar om materielle og kulturelle tilhøve. Her i «Sogndalsfjæren, et meget betydeligt Strandsted» fann Aasen ein del dyder, men også

*slemme Laster, især gaae Løsagtigheden og Drukkenskaben over alle Grændser [...] Endsckjønt man har vidløftige Høflighedsregler, hvoriblandt den, at Børn ikke maa sige «Du» til sine Forældre, men tiltale dem i Fleertal, viser der sig dog megen Uartighed i Familielivet; især synes Kvinderne at udmærke sig i Skjænden og Bitterhed.*

*Ved Siden af denne udsvævende Hob gives her ogsaa et betydeligt Antal af de saakaldte Læsere, som holde Samlinger, synge, bede og sukke over Verdens Daarlighed, uden at denne dog bliver mindre (Aasens dagbok; BD-3, s. 75 og 77).*

I nyare tid har eg sjølv hatt samkvem med fleire venlegsinna menn og kvinner frå dette fylket, så eg forstår at kulturen har utvikla seg – og eg er slett ikkje skræmd av det som møter oss møringane sør om Stadt.

Mange av oss kjenner no Sogn og Fjordane som «Trivselsfylket» – med dei friskaste folka, den lågaste kriminaliteten, dei beste skuleresultata, fasinerande fjordar, flotte fjell, lett luft og mykje anna godt – ikkje minst ein imponerande høgskule med hovudsete i dette supre anlegget her på Fosshaugane.

Sjølv om der er ei fylkesgrense mellom oss, meiner eg at høgskulane i Sogn og Fjordane og i Volda har mykje sams, og eg opplever oss i same båtlag i den stormen som statsråd Torbjørn og den andre Bjørnen i departementet har blåse opp.

Me er begge typiske distriktshøgskular med sterk forankring i bygde-Noreg og den nynorske kulturen. Me driv med mykje som er samanfallande når det gjeld profesjonsutdanning, fagstudiar, forskning og utviklingsarbeid. Både de og me har studentar som trivst, som ligg på landstoppen i gjennomføring og som rosar studiestadene og fagtilboda. Begge høgskulane har nært samverke med omgjevnadene, og eg meiner at det me driv med i Volda og i Sogn og Fjordane er avgjerande viktig for framtida åt alt folket på Nord-Vestlandet. Utan forskning og høgare utdanning i denne regionen vil det ganske snart bli mindre attraktivt å bu her.

Då Paulus (utan samanlikning elles ...) skulle få dei gamle atenarane i tale, siterte han tekster både frå lokale altar og frå deira eigne diktarar (Ap.Gj. 17). For om mogleg å auke sjansane for å nå inn med bodskapen, vel eg også no å ta utgangspunkt i sumt av det de sjølve har ytra i saka om høgskulestruktur.

2) *Smått har vore godt (til nyåret 2015)*

Lat meg her aller fyrst få sitere litt overordna frå brevet HiSF sende med innspel til Kunnskapsdepartementet 31.10.14.:

*Fram mot 2020 skal HiSF utviklast til å verte ein sterk, fagleg god og sjølvstendig høgskule, som i nært fagleg og administrativt samarbeid med andre høgskular og universitet, og i samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen vår, skal gi framifrå undervisning og utføre relevant forskning av høg kvalitet [...] Vidareføring av lokal autonomi er etter vårt syn ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Vi har vanskeleg for å sjå at satsinga på høgare utdanning og forskning i vår region vil ha meir kraft og større relevans og effekt, dersom studiestadane Sogndal og Førde skal vidareutviklast, styrast og leiast frå Oslo eller Bergen (s. 1).*

*Studiestadane våre skal vere farga av nynorsk språk og kultur og sterkt internasjonalt engasjement og samarbeid. På grunn av lokaliseringa i det sterkaste nynorske kjerneområdet har språket eit sterkt institusjonelt fotfeste både administrativt og som fagspråk [...] Dette vil vere ein tydeleg profil i eit UH-landskap med færre og større institusjonar (s. 2).*

Denne tankegangen har eg stor sans for, og eg meiner det fell godt saman med profilen og satsingane ved Høgskulen i Volda. Eg vonar de framleis står ved argumentasjonen. Lat oss så minne kvarandre på kva svarbrevet av 31.10.14. seier om ein mogleg fusjon med HVO:

*Dei to høgskulane er jamstore og har fleire faglege møtepunkt. Begge har ei blanding av profesjonsutdanningar og disiplinbaserte utdanningar. Begge er sterkt orienterte mot dei offentlege velferdssektorane og har parallelle utdanningstilbod og fagmiljø når det gjeld lærarutdanning, barnehagelærarutdanning og sosialarbeidarutdanningar. Vi har også likearta fagmiljø og tilbod innan idrett, friluftsliv, samfunnsfag og historie..*

*På nokre område er det faglege møtepunkt som gir grunnlag for sterkare fagmiljø og utvikling av utdanningstilbod. Dette vil vere særleg viktig når det gjeld lærarutdanning, der begge partar kvar for seg er sårbare [...] eit fellesskap vil gjere oss meir solide.*

*[...] ein ny fusjonert høgskule kan vise att også i eit UH-landskap med færre og større institusjonar (s. 14).*

*Dei to høgskulane er begge lokalisert på små stader og med solide røter i nynorsk språk og kultur. Dette gir dei dei to institusjonane ein form for kompatibilitet, som både gir grunnlag for å forstå kvarandre betre og som kan vere ein del av ein profil som viser att i det nasjonale UH-landskapet.*

*Ein eventuell fusjon mellom Volda og Sogn og Fjordane vil ha mange faglege møtepunkt og gi grunnlag for samarbeid, arbeidsdeling og meir robuste miljø både fagleg og administrativt (s.15).*

Høyrest ikkje dette ut som reine Kirsten Giftkniv? Eg skulle tru det burde lyde som musikk i øyra for dei politikarane som gjerne vil ha friviljuge fusjonar med engasjement nedanfrå. Etter ei heil side med slik lovprising av ei mogleg truloving med Høgskulen i Volda, kjem til slutt den einaste innvendinga:

*På den andre sida vil det ikkje bli nokon stor institusjon, og dei geografiske avstandane er også her betydelege (s. 15).*

Mi førebelse oppsummering er at de fører i marka ei mengd gode argument for at smått er godt, at den regionale tilknytninga er avgjerande – og ein tilsvarande skepsis mot sentraliseringsmakta som ligg i storbyane. Om Volda som fusjonspartner er de som me høyrde rause med godorda, og motargumentet er at me to til saman ikkje vert særleg store. Vel, me vert dobbelt så store som i dag – og dermed jamvektige med t.d. Høgskolen i Bergen.

Utetter veit me alle at det er sjølvstendelinja som har vore flagga frå denne høgskulen – heilt fram til gamleåret seig i hav. Tredje januar kom det så ein kronikk i avisa *Firda* frå Eva Marie Halvorsen. Dekanen for helsefag understreka for det eine at same kva som skjer av fusjonar eller ikkje framover, så skal også dei nye og større institusjonane vidareutvikle utstrekt samarbeid på kryss og tvers. Det er eit viktig poeng som også departementet ofte framhevar og som eg er heilt samd i.

Vidare peikar Halvorsen i den nemnde kronikken på viktige område som gjer det krevjande for HiSF å halde fram på eiga hand, og eg siterer dei fem punkta:

- 1) *Vi har for få publikasjoner av forskningsartikler pr. ansatt,*
- 2) *Vi mangler førstekompetanse innen sentrale utdanningsområder,*
- 3) *Når det gjelder internasjonalisering har vi for få ut- og innreisende studenter,*
- 4) *Omleggingen av lærerutdanningen vil kreve flere valgfag og*
- 5) *Vi blir for liten til å bli med på å sette standarder for framtiden innenfor høgere utdanning (E.M. Halvorsen, «En skjebnedag for høgskulen?», *Firda* 3.1.2015).*

Tidsramma for dette innlegget gjev ikkje rom for å gå i detaljar når det gjeld statistikk og talmateriale, men fakta er i alle fall at for dei tre fyrste punkta her (FoU-produksjon, kompetanse og internasjonalisering) vil HiSF heve seg meir saman med HVO enn med HiB. Me har nemleg betre tal å vise til i så måte.

Den nye lærerutdanninga veit me enno ikkje heilt korleis vert rigga, men i Volda har me allereie seks mastergrader, og fagmiljøa har kompetanse til å drifte slik utdanning på masternivå i fleire viktige skulefag. Eg meiner at me i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har ei sams interesse i at det framleis skal vere lærerutdanning med høg kvalitet mellom Bergen og Trondheim. Eg trur også at me bør samarbeide om dette same korleis institusjonslandskapet kjem til å sjå ut.

Kva så med Halvorsens uro for at me vert for små til å vere med og setje standardar for framtida? Kanskje vil me i det nye landskapet verte vel små kvar for oss. Men slår me oss i

hop og vidareutviklar det me har særleg føresetnader for å vere nasjonalt leiande på, så tvilar eg ikkje på at miljøa i Volda og Sogn og Fjordane framleis skal gjere seg tydeleg gjeldande.

### 3) *Utdanningsmakt på Nord-Vestlandet*

Denne overskrifta har eg lånt frå eit innlegg som fleire framstående fagfolk ved HiSF hadde på prent i *Sogn Avis* i går. Alternative titlar på dette punktet i talen min kunne vere «University of the Fjords» eller kanskje aller helst «Høgskulen Ivar Aasen».

Det har vel alt skine gjennom at eg tenkjer dei to høgskulane våre no har ein unik sjanse til å samle det me er gode på. I det nye UH-landskapet vil me vere store nok i departementet sine augo og samstundes små nok til å verne om dei verdiane og det særpreget som har utvikla institusjonane våre til det dei er i dag.

Fleire av oss har ei tid tenkt på dette med distriktsprofilen og nynorsksatsinga som ei verdifull arv det er gode grunnar til å framheve tydelegare, og dykkar eigen professor-II Øystein Vangnes publiserte eit velskrive innlegg 5. januar om korleis dei to høgskulane bør samle seg under Aasen-namnet.

Ved HVO har me allereie Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur – med eit eige forskingssenter for skriftkultur. Me samarbeider nært med Nynorsk kultursentrum og med Utdanningsdirektoratet sitt senter for nynorsk i opplæringa – som høgskulen er vertsinstitusjon for. For tida er me inne i spennande samtalar med m.a. UiB og Det norske samlaget om mogleg overtaking av språksamlingane og Norsk Ordbok – som UiO ikkje lenger vil ta ansvar for.

Dekanen for helsefag skreiv i kronikken 3. januar at for Campus Førde er ein fusjon med Volda dårlegaste løysinga fordi me korkje har ingeniør- eller sjukepleie-utdanning. Det er rett at me ikkje har dei utdanningane ved HVO, og me har heller ingen tankar om å bygge opp fagmiljø på slike område i Volda. Men dersom NTNU på onsdag slår ned bommen for den såkalla satellitt-modellen og Høgskolen i Ålesund igjen vil leike med oss, har eg forstått at det gjennom mange år har vore godt samarbeid mellom miljøa i Ålesund og i Førde.

Førde har som kjent valt å profilere seg som «nynorskbyen». Då er det vel ikkje unaturleg å knyte seg nært til «nynorskbygdene» Ørsta og Volda? I alle fall tenkjer eg at me må få knytt saman medieutdanninga i Volda med Nynorsk mediesenter i Førde. Det trur eg vert strategisk viktig – ikkje minst no når UiB går saman med tunge bransjeaktørar som TV2 og Bergens Tidende for å bygge opp ei ny, konkurrerande utdanning ved Media City Bergen.

Elles merkar eg meg at både helse- og sosialfaga ved HSF klagar på manglande kompetanse og FoU-produksjon. Der stiller me så sterkt i Volda at me har både master- og PhD-grad med stor aktualitet for dykk. Saman med HiMolde startar me no opp PhD-utdanning om arbeidsvilkåra for dei som arbeider i helse- og sosialtenesta: Om relasjon og kommunikasjon mellom yrkesutøvar og klient, profesjonelt skjønn, verdjar og etikk og korleis administrative og økonomiske system påverkar yrkesutøvinga. Programmet vil vere spennande og relevant for folk med ulik grunnutdanning og yrkespraksis (jf. [www.hivolda.no/phd](http://www.hivolda.no/phd)).

Apropos samarbeidet på Møre. Eg forstår at ein del av dykk vil vere særleg skeptiske dersom ein fusjon med Volda også lyt inkludere høgskulane i Ålesund og Molde. Ålesund har valt å prioritere NTNU. Dersom dei vert sleppte inn i varmen i trønderhovudstaden, *kan* det vere sjansar for at Molde vil banke på same døra. Men her kan det tenkjast fleire moglege løysingar, og ei av dei er at Ålesund og Molde vert slegne saman. I fall det vert ein fusjon av oss alle fire på Nord-Vestlandet, må de hugse at det er Volda og Sogn og Fjordane som er dei største og vil setje sterkt preg på den nye institusjonen.

Same kva samanslåingar som til slutt vert vedtekne, vil det vere av strategisk nasjonal tyding å få eit Ivar Aasen-akademi i det norske universitets- og høgskulelandskapet. Høgskulane våre ligg i eit viktig nynorskområde, og me har allereie ein tydeleg nynorskprofil. Like viktig for ei slik satsing og ei nemning som Ivar Aasen-høgskulen (og etter kvart gjerne Ivar Aasen-universitetet) er at arbeidsområda for Ivar Aasen i stor grad var dei same som *me* profilerer oss på: Språk, litteratur, historie, kultur, skule, samfunn, media – og dagbøkene hans vitnar om stor interesse og engasjement også i friluftsliv så vel som i helseplager!

*Her kjem konklusjonen:*

Det er ikkje fyrst og fremst storleiken det kjem an på! Me veit at motsetnader kan tiltrekkje kvarandre, men i lengda leikar like born best. Føresetnadene for vellukka samliv er betre di meir likeverdige partane er og di meir me deler av kultur og målsetjingar for verksemda.

Eg forstår at det står fleire friarar uti gare', mor Åse, hau-hau! Eg kan ikkje skryte av å ha mest pengar; tvert om ligg me nær botnen i basisløyving, men som gode sunnmøringar får me mykje ut av kvar krone. Og eg meiner me har andre verdiar å foredle vidare i lag. Om de ikkje hugsar noko anna frå denne talen, vonar eg at de i alle fall sit att med minneordet: "Lat no andre um Storleiken kivast [...] millom Jamningar helst er eg nøgd!" Slik lyder Aasens ord.

Takk for merksemda!

## 4c: Attende til dansketida?

Sentralisering av høgare utdanning. Kronikk i *Morgenbladet* 13.3.2015.

I fleire hundre år laut nordmenn til kongens Kjøbenhavn for å studere. I 1811 fekk vi vårt eige universitet, og rundt midten av 1800-talet vart det skipa seminar for lærarutdanning rundt i bispedøma. Seinare kom det i gang private lærarskular i bygder som Seljord, Notodden og Volda. Forsking og utdanning på universitetsnivå var likevel reservert for dei største byane fram til 1970. I dei siste førti åra har det vore gjennomført ei storstilt utbygging av høgare utdanning over heile landet, men no synest styresmaktene å vilje skru utviklinga tilbake til store og sentralstyrte einingar.

Distriktshøgskule-etableringane i 1970-åra var politisk vilja og styrte. I medvit om arven frå folkeopplysnings-tradisjonane og i overtyinga om at høgare utdanning skulle vere eit tilgjengeleg gode både i nord og sør, i aust og vest, vart det rigga universitetslike høgskular i småbyar som Molde og Lillehammer til liks med i bygdesamfunn som Sogndal, Volda, Bø og Alta.

Plasseringa av desse institusjonane er eit tydeleg uttrykk for mykje av verdiane som har prega utdanningspolitikken i Norden og ikkje minst i Noreg. Høgskular midt i kulturlandskap med potetåkrar og beitande sauer var resultat av ein lang nasjonsbyggingsprosess i anden frå folkeopplysning og sosialdemokrati.

### *DH-skular*

I Noreg har opplysning og demokratisering gjennom lange tider vore kopla saman med distriktpolitiske mål. Lik rett til utdanning og spreining av akademiske ressursar har vore sett som viktige verdiar. Etter tjue år med DH-skular fekk vi reformene under Gudmund Hernes som mange stader slo dei saman med profesjonsutdanningar som til då hadde vore i egne institusjonar for t.d. sosialt arbeid, sjukepleie, lærar og ingeniør.

Fusjonane i 1994, som stort sett fann stad i same by eller bygd, synest jamt over å ha vore vellukka. Samspelet mellom akademiske og meir yrkesførebuande miljø har fremja kvaliteten og ikkje minst gjort forskingsbasert undervisning til ei sjølvfølgje også i utdanningane for basale yrke i velferdsstaten.

Høgskulane i distrikta har til dels nokre særmerkte tilbod som dreg til seg forskarar og studentar frå heile Noreg så vel som frå utlandet. Men fyrst og fremst rekrutterer dei frå eigen region og leverer kompetent arbeidskraft attende til regionen.

### *Regional kompetanse*

Nokre tal frå forskinga ved Senter for profesjonsstudier provar dette, og me kan bruke Høgskulen i Volda som døme. Dokumenterte registerdata fram til 2010 viser at den skulen



rekrutterer 73 % av studentane til førskulelærarstudiet, 67 % til allmennlærer- og 47 % til sosialarbeidarstudia frå Møre og Romsdal.

To år etter fullført studium arbeider til saman 78 % av dei i fylket, og om lag det same etter fem år. Ser vi generelt på studentar som har vakse opp i M & R., men studert utanfor fylket, er det berre 28 % som arbeider her etter fullført utdanning (Heggen og Gythfeldt 2012).

Den regionale tydinga av høgskulane kan såleis vanskeleg overvurderast. Fordi sentrale styresmakter har spelt på lag med lokalt og regionalt engasjement har ein sidan 1970-åra makta å bygge opp framstående fagmiljø og spennande høgskuletilbod på stader som Lillehammer, Sogndal og Molde. Min eigen institusjon, Høgskulen i Volda med tradisjonelle danningfag og profesjonsutdanningar for fleire av basisyrka i velferdsstaten, kan sjåast som eit erke-eksempel på distribusjon av folkeopplysning og hjernekraft i lokalsamfunna.

### *Utdanning og forskning*

Offisielle tal syner at studentane trivst ved høgskulane i distrikta og lukkast med utdanningane. Dei mindre institusjonane på Vestlandet ligg heilt i teten når det gjeld gjennomføring på normert tid i bachelor- og lærarutdanningane. I 2013 var Volda best i landet på bachelor-gjennomføring. I fjor var me nest best med 60,75% rett bak Høgskulen i Sogn og Fjordane sine 61,11% (snittet for statlege høgskular var 52,55, og tek me med universiteta er snittet heilt nede på 44,9).

Tilsvarande tal for fireårig lærarutdanning syner at Volda-kullet frå 2009 var best (70% fullførte etter planen i 2013 då snittet for høgskulegruppa var 53,5). Året før var me på andreplass rett bak Høgskolen Stord/Haugesund.

Både kunnskapsministeren og statssekretæren hans vedgår at høgskulane i distrikta er gode på utdanningssida, men dei stiller stendig spørjeteikn ved forskinga. I stortings-spørjetimen 18. februar lista statsråden opp korleis Høgskulen i Volda er for liten og veik, og eitt av poenga var at me ligg under snittet i forskingsproduksjon. Ved å rekne med tre desimalar kan det dokumenterast at me var hårfint under snittet i 2013 (med to desimlar vert resultatet likt med snittet). Publiseringa vil alltid svinge litt frå år til år, og over tid har Høgskulen i Volda (til liks med t.d. Lillehammer og Molde) vore av dei mest produktive.

I eit tiårs-perspektiv er det berre Samisk høgskole og Høgskolen i Lillehammer som har høgare gjennomsnittleg forskingspublisering. Tek ein føre seg dei siste fem åra, har Høgskulen i Volda 0,44 poeng pr fagtilsett. Dei største høgskulane har til samanlikning 0,39 (Oslo), 0,30 (Trondheim) og 0,24 (Bergen). Dette trass i at me er mellom dei institusjonane som har aller ringast basisløyving frå staten.

### *Hammaren, Torbjørn?*

Situasjonen som er skildra ovanfor, med forskning og høgare utdanning i by og bygd, har me til no med stor rett kunne kalle «den norske modellen». Men gradvis, og ikkje minst med den sitjande regjeringa, har den utdanningspolitiske diskursen skifta tone.

Honnørorda folkedaning, akademisk fridom, høgare utdanning over heile landet, høyrest sjeldnare. I staden er det stendig sterkare krav om konsentrasjon, konkurranse og avkastning.

NHO og politikarar frå regjeringspartia talar høgt i media om korleis forskning og utdanning skal betale seg og sikre den økonomiske konkurranse-evna.

I denne konteksten er det grunn til å ottast sentraliseringseffektar av struktur-prosessane som regjeringa har initiert. Det gjeld helse og politi, det kan fort gjelde kommunane og ny regioninndeling, og me må spørje oss kor lenge det vert att høgskular i distrikta.

I Nord- og Midt-Noreg ser det ut til at alle høgskulane vert lagde under universiteta. «GigaNTNU» plukkar i tillegg med seg skulane i Ålesund og på Gjøvik, og Stord/Haugesund diskuterer fusjon med Universitetet i Stavanger. Eit par andre relativt store høgskular vil kanskje slå seg saman for også å bli universitet.

Nokre av oss ynskjer heller løysingar som tek vare på «den norske modellen» med distriktshøgskule-tradisjonane. Det treng ikkje innebere at alt skal halde fram som før. Høgskulen i Volda har vore og er framleis innstilt på å diskutere ulike måtar å møte framtida på. Me har peikt på meir forpliktande samarbeid i ein eller annan nettverksmodell, og me har argumentert for ein sterk regional høgskule med nynorsk-profil på Nord-Vestlandet. Sidan Ålesund har prioritert fusjon med Trondheim, og sidan Høgskulen i Sogn og Fjordane til no har sett meir sørover enn nordover, drøftar me for tida også ein allianse med Molde og Lillehammer.

Poenget bør ikkje vere fusjonar for strukturendringane si eiga skuld, men i staden skal me vere opptekne av kva som fremjar kvalitet og kompetanse over heile landet. Statsråden har sagt at han ikkje vil sløkkje lyset eller spikre att dørene på nokon studiestad. Men han gjev hammaren til styra for dei nye institusjonane. Tida vil syne korleis dei vil bruke han.